



Masteroppgåve

NTNU  
Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet  
Det humanistiske fakultet  
Institutt for historiske studier

Steinar Lorås Sæter

## Språk og stil i det folkelege arbeidarpartiet

Ei undersøking av tenkemåtar om forholdet  
mellom arbeidsfolk og akademikarar i  
Sosialistisk Venstreparti 1975-1977

Masteroppgåve i historie - lektorutdanninga

Veileder: Ingar Kaldal

Trondheim, mai 2017

Steinar Lorås Sæter

## **Språk og stil i det folkelege arbeidarpartiet**

Ei undersøking av tenkemåtar om forholdet mellom  
arbeidsfolk og akademikarar i Sosialistisk  
Venstreparti 1975-1977

Masteroppgåve i historie - lektorutdanninga  
Veileder: Ingar Kaldal  
Trondheim, mai 2017

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet  
Det humanistiske fakultet  
Institutt for historiske studier

## **Forord**

Ingar Kaldal har rettleia meg i arbeidet med denne undersøkinga, og eg takkar han for interessante samtalar, kritiske kommentarar og hjelpa han elles har gitt meg i arbeidet. Jostein Lorås har kommentert seine utkast til undersøkinga frå eit fagleg hald, og Astrid Sæter har kommentert språket og stilen. Takk til dokker baa to, og alle feil og manglar ved undersøkinga, faglege så vel som tekstlege, er sjølvsagt mine egne. Sist, men ikkje minst, vil eg rette merksemda mot studiekameratane mine. Takk for fem lærerike og trivelege år.

Steinar Lorås Sæter

Trondheim, mai 2017



# Innhald

<b>1. Innleiing</b> .....	1
<b>Problemstilling</b> .....	2
<b>Motivasjon og aktualitet</b> .....	4
<b>Relevant forskning og litteratur</b> .....	4
<b>Teoretiske perspektiv</b> .....	5
<b>Ny Tid</b> .....	6
<b>Metodiske refleksjonar</b> .....	8
<b>Oppgåvestruktur</b> .....	11
<b>2. Historisk bakgrunn og samfunnskontekst</b> .....	13
<b>MI-bevegelsen</b> .....	13
<b>Spenningane i SV</b> .....	15
<b>Klasseanalysen</b> .....	17
<b>3. Språk og teori</b> .....	23
<b>Finn Gustavsen og Dagfinn Jacobsen</b> .....	24
<b>Kontrast-miljøet</b> .....	26
<b>Den redaksjonelle linja</b> .....	27
<b>Ytringar frå arbeidsfolk</b> .....	30
<b>Leiarskapen og det arbeidarnære språket</b> .....	32
<b>Arbeidarromantikken i SV</b> .....	33
<b>Kritikk og sjølvkritikk blant studentar og akademikarar</b> .....	36
<b>Oppsummering</b> .....	37
<b>4. Handlingsfellesskapet</b> .....	39
<b>Uro i SV sin faglege leiarskap</b> .....	39
<b>Ragnar Kalheim</b> .....	41
<b>Nylandsarbeidarar og sosialistiske studentar</b> .....	44
<b>Studentaksjonar og «ville» streikar</b> .....	47
<b>Dei fattigslege studentane</b> .....	50
<b>SV-studentane om seg sjølve</b> .....	51
<b>Perspektiv på sjølvproletariseringa</b> .....	54
<b>5. Avslutning</b> .....	57
<b>Hovudfunn</b> .....	57
<b>Fleirtydige tolkingar</b> .....	62
<b>Historiske linjer</b> .....	63
<b>40 år seinare</b> .....	64
<b>6. Kjelder og litteratur</b> .....	67



## 1. Innleiing

Denne oppgåva er ei undersøking av tenkemåtar i Sosialistisk Venstreparti (SV) om forholdet mellom arbeidarar og studentar, akademikarar og intellektuelle i tidsrommet 1975-1977.<sup>1</sup>

SV vart skipa i mars 1975 som den andre partisamlinga på norsk venstreside.<sup>2</sup> Partiet sitt ideologiske fundament var marxismen, og av dette følger det at arbeidarklassen var eit kollektivsubjekt av avgjerande betydning for det overordna politiske prosjektet til SV – etableringa av eit sosialistisk samfunn. På denne premissen var mange studentar, akademikarar og intellektuelle nettopp nokon «andre», men i varierende meining av omgrepet. I ei meir nøytral meining var dei, i motsetning til arbeidarklassen, ikkje haldne for å vere ei samfunnsskakande kraft i seg sjølve. Like fullt var dei tiltenkt ei rolle i den alliansen som måtte til for å endre samfunnet, dei var «hjelparar» som somtid trødde fram som særlege «ekspertar» gjennom viktige teoretiske bidragsytingar, til dømes. Endeleg kunne dei bli forstått som tydelege negative «andre», og da som aktørar som utførte handlingar og hadde haldningar som hemma eller var unyttig i forhold til den sosialistiske kampen SV førte.

Mange akademikarar, intellektuelle og studentar hadde radikale politiske haldningar på 1970-talet. Særleg blant studentar, som var eit raskt veksande samfunnssjikt i dette tiåret, var mange venstreradikale. Ved valet til generalforsamlinga i Det Norske Studentersamfund i Oslo hausten 1976 fekk til dømes kommunistiske eller sosialistiske lister som stilte til val over 2700 av 3200 avlagte røyster.<sup>3</sup> Mange intellektuelle, studentar og akademikarar sympatiserte med og slutta opp om SV gjennom røystesetelen eller som medlemmar. Det akademiske elementet var òg sterkt til stades i eit breiare venstreopposisjonelt perspektiv, eit omgrep som i denne samanheng viser til partidanningar til venstre for Arbeidarpartiet (Ap). Studentmiljøet var det sosiale grunnlaget for Arbeidernes kommunistparti (m-l), eit marxist-leninistisk parti på ytste venstrefløya. Partiet såg på SV som den politiske hovudfienden sin i

---

<sup>1</sup> Med undersøking av tenkemåtar meiner eg ikkje ein intensjon om å avdekke korleis aktørane faktisk tenkte, men ei undersøking av korleis tankane deira kom til uttrykk som tekstlege manifesteringa og mønstera i desse. Sjø Kaldal 2002, s. 46.

<sup>2</sup> Den første partisamlinga fann stad i 1927. Da gjekk Norges Socialdemokratiske Arbeiderparti inn i Arbeidarpartiet.

<sup>3</sup> Delgado 2012, s. 82.

tidsrommet for denne undersøkinga, og i 1975 vart den organisatoriske og aktivistiske stordomstida til ml-bevegelsen innleidd.<sup>4</sup>

## **Problemstilling**

På eit overordna nivå er undersøkinga eit forsøk på å fange inn tenkemåtar om arbeidarar, studentar, intellektuelle og akademikarar i SV medan dei partipolitiske uttrykka for venstreradikale haldningar stod i senit på 1970-talet.

Problemstillinga er formulert slik: *Korleis kom forholdet mellom arbeidarar og dei akademiske «andre» til uttrykk i SV mellom 1975-1977?* Eg er på leiting etter korleis aktørar i SV forstod forholdet mellom desse gruppene. Dei akademiske «andre» er operasjonalisert som eit sekkeomgrep der intellektuelle, studentar og akademikarar er sentrale representasjonar. Ei generell årsak til dette valet er at det i det heile er vanskeleg å einast om kven den intellektuelle er, som historikaren Eivind Myhre har peikt på.<sup>5</sup> Ein student kunne t.d. ha vorte forstått som ein akademikar, men ikkje nødvendigvis som ein intellektuell. Likeins kunne andre ha vorte framheva som intellektuelle utan at dei var studentar eller akademikarar.

Omgrephistorikaren Reinhardt Koselleck har i så måte hevda at meiningsinnhaldet i omgrep står i omskiftelege forhold til kvarandre. Dei er fleirtydige og i stadig endring fordi det er kamp og betydingsforhandlingar om dei.<sup>6</sup> Kva for verdiar, haldningar og handlingar vart festa til omgrep som 'intellektuell', 'student' og 'akademikar'? Undersøkinga er utført med slike spørsmål i mente. Hovudfokuset ligg på korleis desse «andre» vart skildra i forhold til arbeidarar, ei gruppe som av ideologiske og historiske grunnar hadde fått klårlagt si rolle i høgare grad enn dei «andre».<sup>7</sup> I så måte er hypotesen at forholdet kunne ha vorte skildra som motsetningsfullt. Dette krev ei grunngeving.

For det første har fleire historikarar peikt på at det har eksistert sosiale, kulturelle og politiske motsetningar mellom gruppene i sosialistiske parti, både i Noreg og internasjonalt. Knut Kjeldstadli, som både er SV-aktør og historikar i denne undersøkinga, har kommentert allmenne trekk og særdrag ved forholdet i ein oversynsartikkel med nasjonalt og internasjonalt historisk nedslagsfelt.<sup>8</sup>

---

<sup>4</sup> Sjøli 2005, s. 119; Kolmannskog 2006, s. 65, 125. Frametter brukar eg maoistane, ml-bevegelsen eller AKP (m-l) som nemningar på Arbeidernes kommunistparti (marxist-leninistene).

<sup>5</sup> Myhre 2008, s. 190.

<sup>6</sup> Messel 2009, s. 96-97.

<sup>7</sup> Messel 2009.

<sup>8</sup> Kjeldstadli 2016.



Historikaren Maren Hegna har synt korleis spenningsforholdet mellom gruppene har ei historie føreåt for norsk etterkrigstid. Ho har undersøkt kva for haldningar Arbeidarpartiet hadde til dei sosialistiske intellektuelle i Mot Dag i mellomkrigstida. Eit sentralt funn er at Arbeidarpartiet aksepterte motdagistane så lenge dei var til nytte for leiarskapen i partiet. Hegna argumenterer for at det fanst to typar intellektuelle: tenande og kritiske. Ifølge ho var den vesentlege skilnaden mellom desse at dei tenande intellektuelle både såg sine egne og partiet sine interesser som underordna arbeidarklassen sine, medan dei kritiske intellektuelle - som fleire motdagistar stod som representantar for – kunne argumentere mot leiarskapen og for sine egne standpunkt. Slik framferd vakte reaksjonar, men Hegna tonar like fullt ned at det var ei allmenn anti-intellektuell haldning i Arbeidarpartiet. Ho meiner at det snarare fanst ein skepsis.<sup>9</sup>

For det andre set sentrale samfunnsmessige utviklingstrekk i Noreg etter 1960-talet problemstillinga i eit særlege historisk lys. Mellom 1970-1980 tok bortimot 90% av alle grunnskuleelevane meir utdanning. Utdanningsekspløsjonen frå 1960-talet heldt fram, og talet på studentar ved universitet og høgskular vaks frå 50 000 til over 80 000 mellom 1970-1980.<sup>10</sup>

Arbeidslivet var i aukande grad akademisert på 1970-talet. Mellom 1975-1980 auka talet på menneske med høgare utdanning frå 257 000 til 342 000, og i 1976 var over 80% av høgare utdanna i arbeid.<sup>11</sup> Akademikarar, som i aukande grad vart forstått som uteksaminerte universitets- og høgskulestudentar i staden for artianarar, hadde såleis blitt ei vesentleg og utstrekt gruppe i samfunnet.<sup>12</sup> Parallelt med denne utviklinga var sosialismen sitt tradisjonelle politiske subjekt og kjernen i den historiske arbeidarklassen, industriarbeidarane, framleis ei svært stor samfunnsgruppe. Som yrkesgruppe var dei norske industriarbeidarane på sitt historisk mest talrike i 1974, og industrisysselettinga heldt seg på eit stabilt nivå fram til ho gjekk vesentleg ned frå rundt 1980.<sup>13</sup> 1975-1977 kan såleis betraktast som ei tid med særigne klasseforhold i den norske kapitalismen.

---

<sup>9</sup> Hegna 2000.

<sup>10</sup> Furre 2000, s. 248.

<sup>11</sup> Bergh og Nilsen 2004, s. 61.

<sup>12</sup> Myhre 2008, s. 192.

<sup>13</sup> Bergh 2009, s. 49.

## Motivasjon og aktualitet

Det er viktige faglege grunnar til at emnet er behandla. Undersøkinga kan lesast som ein reaksjon på store delar av det vitskaplege arbeidet som ligg føre om det venstreradikale 1970-talet. Storparten av desse arbeida har fokus på ml-bevegelsen.<sup>14</sup> Undersøkinga er ikkje ei samanlikning av SV og AKP (m-l), men ml-bevegelsen er eit viktig emne i belysninga av problemstillinga. No finst det gode grunnar til å behandle AKP (m-l) som eit fenomen for seg sjølv, men ei hake ved denne forskingsframferda kan vere at eit særlege, lite, maoistparti blir ståande att som sjølv symbol på det venstreradikale 1970-talet. Sett i lys av dette vil eg understreke at ein skrin vitskapleg litteratur om SV både er uheldig og paradoks: I motsetning til ml-bevegelsen vart SV ei varig politisk kraft av betydning i Noreg.<sup>15</sup> Å undersøke eit nyskapa SV er derfor eit viktig historiefagleg mål i seg sjølv.

Ideen attom undersøkinga – å skrive om tenkemåtar om grupper på venstresida i politikken – kom i kjølvatnet av forfattaren Kjartan Fløgstad's nyaste essaysamling, Etter i saumane, som skapte debatt våren 2016. Her er ei sentral tese at liberale meiningsdannarar søker å demonisere organisering nedanfrå, særleg arbeidarklassen og deira politiske vinningar, gjennom kulturkamp i offentlegheita.<sup>16</sup> Tematikken som utspann seg i ordskiftet etter utgivinga fekk tildriv gjennom brexit og valet av Donald Trump som president i USA. I båe tilfella vart valresultata tillagt sjokkeffekt i media. Ein diskurskamp har oppstått, og sosial klasse har ofte vore bruka som forklaring på kven det er som kan skuldast for at det gjekk som det gjekk. Rasisme og illiberalitet blant arbeidarklassen har vore forklaringar. Dette handlar om makt, og korleis makt kan brukast til å tilskrive grupper haldningar og handlingsmotiv. Ei undersøking av tenkemåtar om forholdet mellom grupper i eit sosialistisk parti i ei nær fortid kan såleis gi eit annleis og interessant perspektiv på korleis eit vidt emne har komme til historisk uttrykk.

## Relevant forskning og litteratur

Statsvitaren Frank Røssavik's dokumentariske beretning om SV har vore uunnverleg for å få oversyn over utviklinga i SV si partihistorie. Elles er det få verk som behandlar SV etter partiskippinga. Sosiologen Birgitte Kjos Fonn si bok om avisa Orientering, som SV-avisa Ny Tid erstatta, og hovudoppgåva til historikaren Øyvind Vasaasen, om SV sin skipingsprosess

---

<sup>14</sup> Forutan den vitskaplege ml-litteraturen som det elles blir vist til i denne undersøkinga, kan Strømskag 2008, Reime 2010 og Mork 1998 stå som døme på arbeid som tar føre seg ml-bevegelsen frå ulike perspektiv.

<sup>15</sup> Veiden og Martinsen 2007 er døme på eit unnatak som tar føre seg SV etter partiskippinga i 1975.

<sup>16</sup> Fløgstad 2016, s. 9-10.

fram til 1975, har både to gitt nyttig utsyn til sentrale aktørar og politiske problemstillingar i SV. Vidare er oversynsverka til historikarane Jostein Nyhamar og Trond Bergh, som handlar om utviklinga i LO og partia i arbeidarbevegelsen i perioden, bruka til å få kjennskap til viktige sider ved samfunnskonteksten som SV verka i. Historikaren Håkon Kolmannskog si hovudoppgåve om den ideologiske utviklinga i AKP (m-l) har vore viktig for å forstå ml-bevegelsen på 1970-talet.

### **Teoretiske perspektiv**

Det politiske leiarskapsperspektivet er ein sentral del av det teoretiske rammeverket. I alle høve eksisterte og fungerte SV først og fremst som eit politisk parti. Partiet var erklært marxistisk og revolusjonært, og politisk og ideologisk stod det mellom Ap og AKP (m-l). Mellomposisjonen kom mest tydeleg til uttrykk i SV sitt syn på fagbevegelsen. Som eit ledd i å avgrense seg frå Ap, den sosialdemokratiske leiaren, forfekta SV at fagbevegelsen måtte stå i eit uavhengig forhold til stat og parti. SV ville løyse opp i det fagpolitiske samarbeidet mellom LO og Ap, og partiet såg fagbevegelsen som ei kraft som måtte behandlast som relativt politisk autonom i kampen mot kapitalisme og for demokrati.<sup>17</sup>

Dette synet klårle òg viktige skilnadar til ml-bevegelsen. Til skilnad frå SV var AKP (m-l) organisert som eit monolittisk kommunistparti etter leninistisk modell, og partiet meinte at fagbevegelsen var underordna partiet sin leiarskap.<sup>18</sup> Det var like fullt krevjande å manøvrere i posisjonen mellom sosialdemokratisme og maoistisk sekterisme, mellom reformisme og revolusjon som ideologiske rettesnorer, og i Ny Tid, avisa til SV, vart det bruka mykje spalteplass til å klårlegge forholdet til dei tilgrensande partia og polemisere mot dei.

I ei utlegging av den italienske marxisten Antonio Gramsci (1891-1937) sitt hegemoniomgrep har statsvitaren Peter Thomas peikt på at utøving av politisk leiarskap – hegemoniutøving – føregår ved at aktørar forsøker å skape samtykke mellom grupper gjennom å realisere leiarskap og dominans samtidig. I dette maktforholdet viser aktørar ofte

---

<sup>17</sup> Sosialistisk Venstreparti 1977, s. 14.

<sup>18</sup> Organisasjonsmodellen hang saman med Lenins syn på arbeidarklassen sine moglegheiter for å erkjenne nødvendigheita av revolusjon. Han meinte at klasseposisjonane ikkje var tilstrekkelege for at arbeidarane kunne utvikle revolusjonær klassebevisstheit og at fagforeiningsverksemd var den høgaste politiske bevisstheita arbeidarane ville nå om den politiske kampen vart overlaten til dei sjølv. AKP (m-l) si oppgåve var derfor å utvise leiarskap ved å føre revolusjonær bevisstheit inn i arbeidarklassen. Sidan skulle ein bevisstgjort arbeidarklasse under partiet sitt leiarskap innføre proletariats diktatur gjennom ein revolusjon. Sjå Lorenz 1977 for ei utgreiing om marxistiske teoriar om fagbevegelsen.

leiarskap overfor grupper som står dei sjølve nært, medan dominans blir bruka overfor grupper med ein avvikande eller opponerande posisjon.<sup>19</sup>

I SV låg dei partiinterne forholda til rette for at dette er eit fruktbart overordna perspektiv. SV var marxistisk, men ikkje monolittisk. Sosialismen var grunnstammen, men det fanst greiner som sprikte i ulike ideologiske retningar. Det var derfor teoretisk kamp og uro i det nyskipa partiet, og det gjekk prestisje i kva som var den ideelle sosiale samansettinga i SV.

Vidare peiker Thomas på at det er nødvendig å skape eit hegemoni for å etablere nye hegemoni.<sup>20</sup> Ei avklåring av forholdet mellom ulike grupper i SV – under dette arbeidarar og studentar, akademikarar og intellektuelle – kan betraktast som å ha vore ei av fleire vilkårsmoglegheiter for at partiet kunne utføre klårt politisk leiarskap og utøve ein kamp om hegemoniet i arbeidarbevegelsen.

Eit slik perspektiv opnar for å undersøke korleis det vart skilt ut «andre» mellom studentar, intellektuelle og akademikarar, og det er foreinleg med eit sentralt poeng i lingvisten Norman Faircloughs kritiske diskursteorii. Diskursen, som er omgrepet Fairclough brukar, skapar sosiale identitetar og derfor relasjonar mellom menneske. Den sosiale identiteten eller subjektsposisjonen av å vere ein «annan» blir såleis aktivt skapt gjennom leiarskap og dominans, men ikkje av handlande aktørar som konstruerer subjektsposisjonar av fri vilje, påpeiker Fairclough.<sup>21</sup> Konstruksjonane er ein sosial praksis som går føre seg innanfor institusjonar – i mitt høve det sosialistiske partiet – som igjen er forankra i «[...] og orienteret mod virkelige og materielle sociale strukturer».<sup>22</sup>

## **Ny Tid**

Den empiriske hovudvekta er lagt på vekeavisa Ny Tid, det politisk redigerte organet til SV. Ny Tid kom ut første gongen 15. august 1975. I mars 1975 valte samlingskongressen til SV Audgunn Oltedal som redaktør for den nye partiavisa med tre fjerdedels fleirtal av røystene.<sup>23</sup> Samanbindinga av parti og presse stod i motsetning til den generelle utviklinga av partipressa på 1970-talet, som var kjenneteikna av minkande partiloyalitet.<sup>24</sup> Det historisk attovergripande

---

<sup>19</sup> Thomas 2009, s. 160-163.

<sup>20</sup> Thomas 2009, s. 163.

<sup>21</sup> Fairclough 2008, s. 18-20.

<sup>22</sup> Ibid., s. 20.

<sup>23</sup> Kjos Fonn 2011, s. 283.

<sup>24</sup> Bastiansen 2009, s. 238.

uttrykte seg òg i avisnamnet. Ny Tid (1899-1947) var lenge ei avis i opposisjon til leiarskapen i arbeidarbevegelsen. Mellom 1913-1918 vart avisa redigert av Martin Tranmæl, og Oltedal viste til at SV si avis var ein kontinuitetsberar frå tida da Tranmæls Ny Tid hadde stått i opposisjon til den sosialdemokratiske leiinga i Arbeidarpartiet.<sup>25</sup> Som medieprodukt gjekk den nye avisa godt. I 1979 hadde Ny Tid eit toppopplag på over 16 000 før opplaget gjekk nedover på 1980-talet.<sup>26</sup>

Ei presseutgreiing hadde slått fast at SV hadde stort behov for å bygge opp ei særskilt sosialistisk presse. Det betydde at den sosialistiske avisa ikkje kunne skiljast frå det sosialistiske partiet som skulle skape kunnskap og aktivitet på eit nasjonalt nivå.<sup>27</sup> Dei tilsette i avisa skulle vere medlemmar i SV, men det var òg vektlagt at avisarbeidarane burde ha erfaring med journalistikk.<sup>28</sup> Ny Tid var eit prestisjeprosjekt i SV, og avisa tilsette 15 redaksjonelle medarbeidarar der 12 hadde fulltidsstillingar.

Prestisjen viser seg òg ved at Ny Tid vart skipa i kontrovers. Ny Tid avløyste den tradisjonsrike avisa Orientering (1952-1975), som hadde vore knytt til Sosialistisk Folkeparti (SF), SV sin venstresosialistiske forgjengar, på 1960-talet og seinare bunden til SF etter 1973 og fram til august 1975. Ifølgje sosiologen Birgitte Kjos Fonn var skiljelinjene i avisspørsmålet på den eine sida eit partiinternt skilje mellom generasjonane og høgre- og venstresida i SF, og på den andre sida eit skilje mellom dei som la ulik vekt på det journalistiske og det politiske ved den nye partiavisa.<sup>29</sup> Høgresida ville vidareføre ideane om fri og kritisk journalistikk som hadde vore gjeldande i Orientering. Finn Gustavsen, som tidlegare hadde redigert Orientering og satt som leiar i SF frå 1971-1975, meinte at dei nye arbeidsmetodane som Oltedal ivra for ville gjere både avisa og SV enda meir studentdominert.<sup>30</sup> Venstresida, representert ved Oltedal, ønskte seg ei ny og annleis avis. Desse meinte at Orientering hadde vore for elitistisk, urban og kulturorientert - og derfor for lite partiorientert. Venstresida ville i staden ta inn meir stoff frå arbeidsplassane og folkelege aksjonar.<sup>31</sup>

---

<sup>25</sup> Ibid., s. 236.

<sup>26</sup> Kjos Fonn 2010, s. 254.

<sup>27</sup> Kjos Fonn 2011, s. 269.

<sup>28</sup> Ibid., s. 286.

<sup>29</sup> Ibid., s. 270.

<sup>30</sup> Gustavsen 1979, s. 231.

<sup>31</sup> Kjos Fonn 2011, s. 267.

Det vart venstresida som vann fram, sjølv om dei mest radikale forslaga om journalistikk som partiverksemd ikkje vart vedtatt.<sup>32</sup> Oltedal klårta at Ny Tid stod på SV sitt program og at avisa var underlagt politiske vedtak. Partiet si målsetting ville prege innhaldet i avisa.<sup>33</sup> Ifølge ho skulle Ny Tid vere eit organ for arbeidarane sin sosialistiske kamp, men inga «[...] forlenga arm for hovudstyret i SV». Oltedal understreka at avisa ikkje kunne skape «[...] grobotn for sosialismen i Norge ved å undertrykke, eller la vere å ta opp ulike synspunkt og motstridande meiningar på alle dei spørsmåla sosialistar er opptekne av».<sup>34</sup>

### **Metodiske refleksjonar**

Hovudkjelda Ny Tid er supplert med SV sitt prinsipp-program frå 1977 og to andre offentlege utgivingar i regi av den venstresosialistiske bevegelsen. Eit av desse er eit hefte SV-organiserte studentar gav ut via Sosialistisk Opplysningsforbund (SO), SV sin studieorganisasjon. Den andre er eit intervju med den prominente fagforeiningsmannen Ragnar Kalheim.<sup>35</sup>

På grunn av ein forholdsvis skrynn litteratur om emnet, er Ny Tid somtid bruka som beretning. Avisa er da bruka som primærkjelde til hendingar med relevans for undersøkinga, hendingar som kunne vere samtidige eller fortidige for aktørane. Sjølv om Ny Tid var partibunden, finn eg ikkje grunn til å stille meg spesielt kritisk til innhaldet i beretningane der dei er bruka som det. Avisa er ikkje brukt som beretning om den politiske kampen SV førte utetter i samfunnet, noko som kanskje ville ha vore meir problematisk i eit kjeldekritisk perspektiv.<sup>36</sup>

Avisa er i hovudsak bruka som leivning til å få innsikt i tenkemåtar i den venstresosialistiske offentlegheita. Historikaren Hallvard Tjelmeland har lagt vekt på at aviser kan vere vilkår for at fellesskap oppstår.<sup>37</sup> Vi kan forstå dette som ei årsak til at avisspørsmålet var brennande i SV.<sup>38</sup> Avisa var det fremste uttrykket for ønsket om å

---

<sup>32</sup> Ibid., s. 286.

<sup>33</sup> Bastiansen 2009, s. 236.

<sup>34</sup> Som sitert i Bastiansen 2009, s. 237.

<sup>35</sup> Sjå den siste fotnoten i undersøkinga for nærmare informasjon om denne kjelda.

<sup>36</sup> I arbeidet med undersøkinga er òg Klassekampen, avisa til ml-bevegelsen, gjennomgått frå august 1975 til juli 1977. Eg har gjort dette for å skape meg eit bilde av korleis SV og AKP (m-l) omtalte kvarandre i perioden, men òg for å få kjennskap til aktørar og korleis dei oppfatta aktuell samfunnskontekst. Som kjelde er Klassekampen bruka ved eitt høve, i kapittel 2. Det empiriske fokuset ligg på Ny Tid og SV.

<sup>37</sup> Tjelmeland 2004, s. 124.

<sup>38</sup> I tillegg til den interne striden i SF om Orientering og Ny Tid, var avisspørsmålet også ein viktig årsak til at Norges Kommunistiske Parti (NKP) til slutt valte å stå utanfor SV. NKP nekta å legge ned partiavisa Friheten ved å innlemme ho i Ny Tid. Sjå Vasaasen 1990b, s. 207-212.

organisere eit politisk og ideologisk fellesskap som skulle endre maktforholda i samfunnet. Ny Tid stod slik i eit offentleg framoverskridande og organiserande forhold til lesarane dei ønskte å knyte seg til. Slik kan kjelda fortelje mykje om korleis SV-arar ville bli forstått, korleis dei appellerte til og søkte å knyte seg til det dei såg som sine politiske subjekt.

Den fellesskapsdannande funksjonen til Ny Tid er særleg relevant i forhold til problemstillinga og undersøkinga sitt teoretiske perspektiv. Avisa kan sjåast på som ein reiskap i utøvinga av leiarskap overfor studentar, akademikarar og intellektuelle, og meiningsproduksjonen i avisa kunne ha som funksjon å klårlegge forholdet mellom desse og arbeidarklassen. Det offentlege aspektet ved kjeldene understrekar også maktaspektet ved korleis dette kom til uttrykk.

I kva grad er Ny Tid eigna til å gi eit innblikk i tenkemåtar om problemstillinga? Metodiske merknadar til undersøkingar som denne, der kartlegging og tolking av tenkemåtar står sentralt, har vektlagt at representasjon og vesentlegheit, forstått som kvalitative eigenskapar ved kjeldene, er viktige kjeldekritiske stikkord.<sup>39</sup>

I arbeidet med kjeldene har eg forsøkt å sikre eit representativt grunnlag. Eg har føretatt ein gjennomgang av alle numra av Ny Tid frå den første utgivinga 15. august 1975 og fram til stortingsvalet i september 1977.<sup>40</sup> I kraft av å vere det mest omfattande uttrykket for den venstresosialistiske tekstkulturen kan avisa tilskrivast mykje representasjon som såleis. Inntrykket mitt er også at dei journalistiske ideala til Audgunn Oltedal vart følgde opp. På trass av å vere partibunden står det klårt fram at Ny Tid ikkje var eit avskrivingsbyrå for SV-politikk. Ny Tid var ei avis der det føregjekk kritisk meiningsbryting over mange emne, og takhøgde i ordskipa verkar å ha vore sentrale ideal hos redaksjonen. Vi må likevel ta nokre atterhald.

På eit overordna nivå kan vi med lingvisten Roger Fowler forstå nyheitsproduksjonen i aviser, der intervju og reportasjar utgjer storparten av produksjonen, som sosiale konstruksjonar prega av seleksjon og omskaping av informasjon. Nyheitsproduksjonen reproduserer ikkje ei objektiv verd, men er i staden ein sosial praksis som rekonstruerer og

---

<sup>39</sup> Edelberg og Simonsen 2015, s. 230-231.

<sup>40</sup> Eg har òg gått gjennom alle numra av Klassekampen, ml-bevegelsen si avis, frå august 1975 til juli 1977. Eg har gjort dette for å skape meg eit generelt bilde av korleis SV og AKP (m-l) omtalte kvarandre i perioden, men òg for å få kjennskap til aktørar og aktuell samfunnskontekst. Klassekampen er bruka som kjelde ein gong, i kapittel 2. Det empiriske fokuset er retta mot Ny Tid og SV.

konstruerer verkelegheita.<sup>41</sup> Tjelmeland peiker i så måte på at aviser ikkje skapar fellesskap på ein eintydig måte. I staden både speglar dei eksisterande fellesskap og formar nye samtidig, og prosessen er ofte motsetningsfull.<sup>42</sup>

Desse merknadane er forsøkt operasjonaliserte ved å foreta eit grovt analytisk sjangerskilje mellom redaksjonelle ytringar og kommentar- og nyheitsjournalistikk på den eine sida, og eksterne bidrag, hovudsakleg kronikkar og lesarinnlegg, på den andre sida. Eit sentralt atterhald er derfor at vi veit lite om kvar redaksjonen meinte meningsterskelen gjekk for å trykke eksterne bidrag. Eksterne bidrag som kastar annleis lys over problemstillinga kan ha vorte refuserte.

Vi veit i det heile lite om det indre livet i redaksjonen. På landsmøtet til SV i 1977 tok redaksjonsmedlemmar i avisa initiativ til å kaste Audgunn Oltedal til fordel for Finn Gustavsen, eit forslag han sjølv takka nei til.<sup>43</sup> Dette tyder på intern strid i avisa, strid som kan ha prega nyheitsproduksjonen på ymse vis i perioden undersøkinga behandlar. Her er det trong for ei eiga pressehistorisk undersøking.

For det andre var kjeldene allment tilgjengelege i samtida si, og det inneber truleg at ytringsvilkåra var annleis enn i interne medlemsblad i SV, der medlemmar i partiet deltok i ordskifta. Her var kanskje tenkemåtane gjenstand for ei anna forhandling enn i offentlegheita. På bakgrunn av dette tar eg atterhald for at andre utgivingar, som interne partidokument og medlemsblad, kan kaste eit annleis lys over problemstillinga. Denne undersøkinga behandlar korleis problemstillinga kom til uttrykk i det offentlege, og det resterande kjeldematerialet er bruka som leivningar for å få innblikk i kva grad andre kjelder gav uttrykk for meningsproduksjonen som fanst i Ny Tid.

Korleis skal ein så vurdere spørsmålet om kvaliteten ved det utvalde materialet? Kva gjer eit lesarinnlegg, ein leiar eller eit intervju særleg brukbart til å kaste lys over problemstillinga utover at emnet blir aktualisert reint tematisk?

Antonio Gramscis omgrep om den organiske intellektuelle byr på ei viss analytisk kraft. I ei norsk tolking er den organiske intellektuelle definert som «Et tenkende og skrivende menneske med en klassebevissthet, som ser verden fra arbeiderklassens ståsted, og som

---

<sup>41</sup> Fowler 1991, s. 2

<sup>42</sup> Tjelmeland 2004, s. 128.

<sup>43</sup> Ny Tid 1977 nr. 10, 10. mars.



gjennom språk og begreper gir forståelse og skaper grunnlag for politisk kamp». <sup>44</sup> Omgrepet er knytt til språk og maktutøving, og da særleg til å vise leiarskap overfor og å dominere eksisterande og konkurrerande tenkemåtar. <sup>45</sup>

I det føreståande brukar eg omgrepet analytisk for å undersøke korleis aktørar forsøkte å gjere seg til talspersonar for syna til grupper, og særleg til arbeidarar. I det folkelege arbeidarpartiet SV gav det makt å kunne argumentere med hald i arbeidsfolk sine tenke- og veremåtar. Eg har derfor vektlagt kjelder der slik argumentasjon kom til uttrykk som spesielt relevante. Omgrepet understreker at aktøren si klassetilknyping er viktig. Om arbeidarar som argumenterte på denne måten verkeleg var organiske intellektuelle er eit vanskeleg empirisk spørsmål. I mitt høve er posisjonen førstehandskjeldene tok inn - at dei forsøkte å gjere seg til talspersonar for grupper og sette fram påstandar på vegner av dei - det viktigaste. <sup>46</sup>

## **Oppgåvestruktur**

Oppgåva har ei tematisk oppbygging. Kapittel 2 gir ei innføring i viktige trekk ved samfunnskonteksten og den historiske bakgrunnen. Dette er ei grov skissering, og ein del relevante samfunnsforhold blir presenterte saman med analysane. I kapittel 2 blir mellom anna ml-bevegelsen og den indre utviklinga i den venstresosialistiske bevegelsen behandla. Kapittelet avsluttar med ein analyse av prinsippprogrammet til SV. Kapittel 3 handlar om korleis emna språk og teori aktualiserte problemstillinga. I kapittel 4 undersøker eg korleis forholdet mellom gruppene vart gjort til tema når det galdt ulike spørsmål knytt til politisk handling. I kapittel 5 kjem dei avsluttande merknadane. Til slutt finst kjelde- og litteraturlista.

---

<sup>44</sup> Helseth 2012, s. 35.

<sup>45</sup> Thomas 2009, s. 421.

<sup>46</sup> Det synest å vere ulike tolkingar av kva det 'organiske' ved den organiske intellektuelle er. Bates 2007, s. 10 tykkjast å legge vekt på at den organiske intellektuelle er ein som veks ut av ein strukturell klasseposisjon som han representerer dei politiske syna til. Thomas 2009, s. 414-415 legg på si side vekt på den sosiale og politiske funksjonen til den organiske intellektuelle som viktigare enn ein opphavelig klasseposisjon. Forståinga mi er altså hovudsakleg basert på Thomas si.



## 2. Historisk bakgrunn og samfunnskontekst

Etter andre verdenskrig vann Ap kampen med Norges Kommunistiske Parti (NKP) om hegemoniet i arbeidarbevegelsen. Året 1961 markerer starten på ein ny kamp om hegemoniet, da SF vart skipa. Mellom 1969-1975 vart Ap sin venstreopposisjon reorganisert fleire gonger. Omskiftingane vart innleidde i 1969, da det radikalisererte ungdomspartiet til SF, SUF, braut med moderpartiet. SUF orienterte seg mot marxismen-leninismen og Mao Tse-Tungs tenking, og sidan utvikla ungdomspartiet seg til AKP (m-l), skipa vinteren 1973.

Det venstresosialistiske landskapet var samtidig i ei brytningstid. Bakgrunnen var at Ap stilte seg positivt til europeisk integrasjon ved folkerøystinga over norsk medlemskap i Det europeiske fellesskap (EF) i 1972.<sup>47</sup> Folkefleirtalet, med 53,5%, stemte likevel nei til medlemskap.<sup>48</sup> Dette skapte eit politisk rom til venstre for Arbeidarpartiet, og Sosialistisk Valforbund vart skipa i april 1973. Valforbundet var ein koalisjon av SF, NKP og Demokratiske sosialister-Arbeidernes informasjonskomite (DS-AIK), ei utbrytargruppe frå Ap. Endeleg slutta ei gruppe uavhengige sosialistar seg til Valforbundet. Mange av desse var tidlegare ekskluderte NKP-arar og aktivistar i fagbevegelsen, men det fanst òg kristensosialistar og uavhengige intellektuelle mellom dei.<sup>49</sup>

Valforbundet vart ein stor suksess ved stortingsvalet i 1973. Det fekk 11,2% av røystene og vann 16 mandat. Veljarane sine henta det mellom førstegongsveljarar og tidlegare Ap-veljarar som var EF-motstandarar i 1972, og Valforbundet hadde sterkast oppslutnad i kommunar der sysselsettinga var prega av industri og fiskeri.<sup>50</sup> Det sjølvsaagte formålet ved Valforbundet var såleis nådd: Å vidareføre einskapen som EF-kampen hadde skapt ved å få EF-motstandarar inn på Stortinget. Det andre målet med Valforbundet var ei varig organisatorisk samling i form av eit nytt parti.<sup>51</sup> Med unnatak av NKP, som til slutt valte å stå utanfor, var det desse partia og gruppene som i mars 1975 gjorde om Valforbundet til eit permanent Sosialistisk Venstreparti.

### MI-bevegelsen

AKP (m-l) var, i motsetning til SV, eit parti som arbeidarar i liten grad slutta opp om. MI-bevegelsen hadde i staden sine sosiale føresetnader i studentmiljøa. Bevegelsen vart

---

<sup>47</sup> Også kjent som EEC eller Fellesmarkedet.

<sup>48</sup> Nyhamar 1990, s. 187.

<sup>49</sup> Rossavik 2011, s. 150; Vasaasen 1990a, s. 60.

<sup>50</sup> Valen og Rokkan 1974, Nyhamar 1990, s. 202-205.

<sup>51</sup> Nyhamar 1990, s. 210.

opphaveleg til blant studentar og elevar, og det var også blant desse gruppene han lykkast best i å rekruttere medlemmar gjennom heile 1970-talet.<sup>52</sup>

MI-bevegelsen var forankra i maoistisk ideologi og agiterte for innføringa av proletariatets diktatur gjennom ein væpna revolusjon. Dette var generelle ideologiske og politiske faktorar som avgrensa AKP (m-l) frå å få stor arbeidaroppslutning i det sosialdemokratiske Noreg.<sup>53</sup> Historikaren Håkon Kolmannskog har vist til kløfta mellom verdsoppfatningane til ml-bevegelsen og den norske arbeidarklassen, og han understrekar mangelen på kollektive erfaringar mellom gruppene.<sup>54</sup> Med industriarbeidarmiljøet i Mo Rana som døme har historikaren Hilde Gunn Slottemo også argumentert for at ml-språket truga politiske og mannlege normer blant arbeidarar.<sup>55</sup> MI-språket utmerka seg òg ved korleis dei resterande partia på venstresida vart skildra, særleg SV. I Klassekampen, avisa til ml-bevegelsen, vart t.d. Berge Furre, formann i SV, skildra som ein arbeidarforaktar, partisjåvinist og anti-kommunist.<sup>56</sup>

Politisk handling var eit sentralt imperativ i ml-bevegelsen. Kolmannskog har samanfatta denne maoistiske handlingsideologien under tesen om at «Det var om å gjera å ‘få noko gjort’». <sup>57</sup> Den såkalla sjølvproletariseringskampanjen var eit av dei fremste utslaga av handlingsideologien. Partiet var klår over at det hadde eit klasseproblem og sette i verk kampanjen for at ml-bevegelsen skulle få sin nødvendige basis i arbeidarklassen:

No skulle partiet ut til klassen; kanskje ikkje først og fremst for å frelsa arbeidsfolk, men for å frelsa seg sjølv. Ein måtte halda partiet ‘reint og raudt’, fritt for småborgarleg revisjonisme. Kanskje så mange som 1000 medlemmer av ml-rørsla gjekk ut i industrien i åra 1975-1977.<sup>58</sup>

Sjølvproletariseringa fekk ulike konsekvensar. Historikaren Hans-Petter Sjøli har vist til at «AKP ble et slags arbeiderparti i årene 1975-1977». <sup>59</sup> Sjølvproletariseringa kan vurderast som ein relativ suksess for AKP (m-l), som dels løyste partiet sitt klasseproblem i eit kortsiktig perspektiv.

---

<sup>52</sup> Sjøli 2005, s. 106-107.

<sup>53</sup> Raud Valallianse (RV) var AKP (m-l) sin valfront. Ved stortingsvalet i 1973 fekk partiet berre 0,4% av røystene. Stortingsvalet i 1977 gav RV ein avgrensa framgang og 0,6 % av røystene.

<sup>54</sup> Kolmannskog 2006, s. 122.

<sup>55</sup> Slottemo 2007.

<sup>56</sup> Klassekampen 1976 nr. 39, 21. mai.

<sup>57</sup> Kolmannskog 2006, s. 146.

<sup>58</sup> Kolmannskog 2006, s. 75.

<sup>59</sup> Sjøli 2005, s. 113.

Sjølvsproletariseringa førte òg til at ml-arar vart svært aktive i fagbevegelsen. I likskap med SV søkte dei å vere ein opposisjon til det rådande sosialdemokratiske hegemoniet, eit hegemoni ml-bevegelsen ofte såg SV som ein del av. Ute i typiske arbeidaryrke arbeidde også ml-arane «[...] politisk med basis i kritikkverdige forhold på arbeidsplassene [...]».<sup>60</sup> Det føregjekk fleire såkalla «ville streikar», streikar der klubbar og fagforeiningar gjekk til arbeidskamp i strid med tariffplikta og hovudsamanslutningane dei var tilknytte. MI-bevegelsen kanaliserte store delar av si faglege verksemd inn i desse streikane: Anten ved at ml-arar var med på å framkalle dei, eller – da dei først var i gong – ved å opprette streikestøttekomitear som gjorde at streikane kunne haldast ved like over tid.<sup>61</sup>

LO og Ap reagerte på dette. I 1976 starta LO og Ap derfor den såkalla «fei dem ut»-kampanjen. Bakgrunnen for initiativet var blant anna maoistane sitt engasjement i ulovlege streikar. Kampanjen dreidde seg om å svekke innverknaden til AKP (m-l) i fagbevegelsen, først og fremst ved å få tillitsvalde ml-arar votert ut av verva sine. Når brot på vedtekter vart meint å kunne påvisast, vart òg eksklusjonar og suspensjonar bruka til dette formålet.<sup>62</sup>

### **Spendingane i SV**

SV var prega av både optimisme og uro mellom 1975 og 1977. Uroa hadde dels økonomiske årsaker. I 1973 braut ei djup krise laus i den globale kapitalismen. I eit kortsiktig perspektiv vart norsk økonomi avsondra frå følgene, men mellom 1975-1977 slo krisa også inn i Noreg. Arbeidarpartiregjeringsane førte ein aktiv motkonjunkturpolitikk i desse åra i håp om snarlege oppgangstider, men i 1977 vart han gitt opp.<sup>63</sup>

Perioden var også politisk uroleg for SV. Partiet var involvert i fleire kontroversielle saker og avstemmingar på Stortinget. Med 5,5 % oppslutning gjorde SV eit dårleg kommuneval i 1975 og mista halvparten av den prosentvise oppslutninga som Valforbundet hadde oppnådd i stortingsvalet 1973.<sup>64</sup> Mange av dei som hadde røysta Valforbundet i 1973 røysta Ap i 1975 eller røysta ikkje i det heile.<sup>65</sup> Stortinget i 1977 vart enda verre. SV fekk 4,2 % av stemmene og mista 14 av dei 16 mandata Valforbundet hadde vunne.

---

<sup>60</sup> Bergh 2009, s. 100.

<sup>61</sup> Ibid., s. 99-100.

<sup>62</sup> Ibid., s. 102.

<sup>63</sup> Furre 2000, s. 222, 237. Trygve Bratteli si andre regjering sat frå oktober 1973 til januar 1976. Regjeringa til Odvar Nordli tok da over og sat til februar 1981.

<sup>64</sup> Nyhamar 1990, s. 218.

<sup>65</sup> Valen 1976, s. 178.

SV vart skipa som eit paraplyparti som inneheldt organiserte fraksjonar.<sup>66</sup> Fram til våren 1976 heldt medlemmane doble medlemskap. Dei var organiserte både i SV, SF og DS-AIK. NKP braut samlingsprosessen ved landsmøtet sitt i november 1975 og heldt fram som eit eige parti, sjølv om ein del kommunistar valde medlemskap i SV.<sup>67</sup> Det var lenge spenningar mellom SF og resten. Dei sistnemnte var redde for at SV skulle utvikle seg til eit nytt SF, sidan SF var den sterkaste av dei fire partane på dei fleste vis. Det var få SF-arar att i den sentrale SV-leiinga i 1975. Etter nedlegginga av SF i mars 1976 har historikaren Øyvind Vasaasen likevel peikt på at dei tidlegare SF-arane heldt fram med å vere den klårt sterkaste drivkrafta i SV.<sup>68</sup>

Organisatorisk differensiering betydde også ideologiske spenningar. SV var eit ideologisk sprikande parti trass i at det var erklært marxistisk og revolusjonært. Sommaren 1975 skildra den sentrale NKP-aren Gunnar Martin Knutsen partiet som ei samling av «kristensosialister, økopolitiske grupperinger, radikale sosialdemokrater, tredjevei-sosialister, progressive fagforeningsfolk og kommunister».<sup>69</sup> Dette var truleg ei treffande formulering av den ideologiske samansettinga som fanst i SV dei første åra.

Spenningane i partiet aktualiserte forholdet mellom arbeidarklassen og studentar, intellektuelle og akademikarar. På den eine sida var arbeidsprogrammet frå 1975 sterkt fokusert på det fagleg-politiske arbeidet.<sup>70</sup> I forhold til den gamle SF-politikken, som ofte la hovudvekta på utanriksspørsmålet, vart klassekamperspektivet og økonomiske spørsmål oppvurderte i SV. Vasaasen har argumentert for at partiet samtidig tok opp i seg mykje av den ungdommelege radikalismen på 1970-talet, som hadde utspring i studentmiljøa.<sup>71</sup>

Tilsiget av nyradikaliserte ungdommar og studentar hadde parallell til eit spenningsfullt forhold som allereie eksisterte. Trygve Bull, som hadde brote med Ap over EF-spørsmålet og gått inn i DS-AIK, meinte at mange av dei tidlegare arbeidarpartimedlemmane i SV såg på SF som eit parti beståande av idealistiske intellektuelle utan røter i arbeidarbevegelsen.<sup>72</sup> Frå eit anna hald understreka også Reidar T. Larsen denne oppfatninga. Larsen var formann i NKP fram til landsmøtet endeleg stemte nei til å gå inn i SV i november

---

<sup>66</sup> Juvkam 2011, s. 8.

<sup>67</sup> Vasaasen 1990a, s. 60.

<sup>68</sup> Vasaasen 1990b, s. 212.

<sup>69</sup> Som sitert i Kjos Fonn 2011, s. 280.

<sup>70</sup> Vasaasen 1990a, s. 66.

<sup>71</sup> Ibid., s. 60.

<sup>72</sup> Gustavsen 1979, s. 305.

1975, og han gjekk i staden inn i SV. Der vart han parlamentarisk leiar for stortingsgruppa i 1976. Ifølge Larsen var NKP sitt val om å stå utanfor SV dels grunna i ei frykt for at den intellektuelle tonen i SF også skulle prege SV. Han meinte at denne sjargongen verka framandgjerande overfor medlemmane i arbeidarpartiet NKP.<sup>73</sup>

Korfor eksisterte det ei negativ førestilling om det intellektuelle SF? For det første har sosiologen Lars Alldén vist at det føregjekk endringar i medlemssamansettinga i SF. Ifølge han var annankvar medlem i SF ein arbeidar på 1960-talet. Dette endra seg på starten av 1970-talet. Ein av tre SF-medlemmar var da ein arbeidar, medan stadig fleire funksjonærar og studentar melde seg inn i partiet. Alldén har påvist at partiet som danna grunnmuren i SV var eit parti av industriarbeidarar, høgare funksjonærar og studentar. Studentane og funksjonærane stod ofte på venstresida i det SF-et som gjekk inn i SV. Alldén meiner at det hadde vakse fram spenningar mellom desse gruppene. Spenningane viste seg i ulike tenkemåtar om organisasjonsmønster i SF: «[...] i tjenesteytingskommunene knyttet til individuell kvalifikasjon og motivering, i industrikommunene forbundet med sosiale kollektiver og sosialt og kulturelt fellesskap».<sup>74</sup>

Interne partiendringar var eit fenomen som til ein viss grad også galdt SF som parti utetter. Legg vi ei subjektiv og individuell klasseforståing til grunn, hadde godt over halvparten av SF sine veljarar identifisert seg som arbeidarklasse ved baa stortingsvala på 1960-talet.<sup>75</sup> Ser vi SV som ei forlenging av SF, slutta den venstresosialistiske bevegelsen å vere overrepresentert mellom arbeidarklasseveljarar ved stortingsvalet i 1977, og han fekk i staden eit aukande tilsig frå veljarar som ikkje identifiserte seg med arbeidarklassen. Ved dette valet oppfatta 35% av SV-veljarane seg som arbeidarklasse. Det betyr at mange som identifiserte seg med arbeidarklassen framleis røysta SV, men i eit historisk perspektiv betydde det òg at den venstresosialistiske bevegelsen for første gong mista det som i statsvitskapen er kalla arbeidarprofilen sin.<sup>76</sup> SV var såleis eit parti som appellerte til arbeidarklassen og andre grupper i både eit internt og eksternt partiperspektiv.

### **Klasseanalysen**

Den maoistiske handlingsideologien kan betraktast som eit spesielt utslag av eit generelt trekk ved politiske bevegelsar som har henta inspirasjon frå marxismen. I den siste av Karl Marx'

---

<sup>73</sup> Larsen 1980, s. 297.

<sup>74</sup> Alldén 1980, s. 250, 256-257.

<sup>75</sup> Bjørklund 2008, s. 354.

<sup>76</sup> Bjørklund 2008, s. 354; Bjørklund 2009, s. 18-19.

Feuerbach-tesar heitte det at filosofane berre hadde tolka verda ulikt, det kom an på å endre ho.<sup>77</sup> Hos Marx har altså handlinga eit sentral formål – ho skal tene til revolusjonær samfunnsending. Eit handlingsimperativ har stått sterkt i den marxistiske tradisjonen. Historikaren Enzo Traverso har peikt på at den ovannemnte tesen indikerer at marxismen har vore eit prosjekt med sterk vekt på både teori og handling.<sup>78</sup> SV knytte seg til ei slik forståing i prinsippprogrammet sitt frå 1977:

*Når marxismen blir brukt i konkret handling på oppgaver vi i Norge står overfor, viser den veien for arbeiderklassen og gir veiledning for hvordan den må føre kampen gjennom å utarbeide en riktig strategi og taktikk.*<sup>79</sup>

SV kan betraktast som ein klasseformasjon, som eit kollektiv «[...] people form in order to facilitate the pursuit of class interests».<sup>80</sup> Som partiet sjølv understreka, var det «[...] *eit parti for arbeidarklassen og har derfor ingen spesielle interesser som ikkje er knytta til arbeidarklassen sin kamp*».<sup>81</sup> Målet for denne kampen var eit sosialistisk samfunn som blant anna sikra arbeidarklassen herredøme over produksjonsmidla.<sup>82</sup> Arbeidarklassen hadde den leiande rolla i kampen for dette samfunnet, men det vart oppfatta som avgjerande at han skapte ein allianse med andre samfunnsgrupper.

Det var såleis nødvendig å danne det eg kallar eit sosialistisk handlingsfellesskap. Blant desse var bønder og fiskarar nemnt som viktige aktørar, men intellektuelle og studentar vart også skildra som deltakarar i handlingsfellesskapet. SV såg det som si rolle å knyte band mellom arbeidarklassen og dei gruppene som måtte vere med i dette handlingsfellesskapet.<sup>83</sup>

Ifølge historikaren Ellen Meiksins Wood finst det to grunnleggande måtar å tenke teoretisk om klasse: klasse som strukturell posisjon og klasse som sosial relasjon. Tenkemåtane er ikkje nødvendigvis gjensidig utelukkande, men ein skilnad mellom dei er at den førstnemnde ofte skil ut klasse som særskilte yrke eller lag innan eit større hierarki, t.d. industriarbeidarar, medan det relasjonelle omgrepet behandlar klasse som ein relasjon mellom «[...] appropriators and producers, determined by the specific form in which, to use Marx's phrase, 'surplus value is pumped out of the direct producers'».<sup>84</sup>

---

<sup>77</sup> Marx 1973, s. 34.

<sup>78</sup> Traverso 2016, s. 58.

<sup>79</sup> Sosialistisk Venstreparti 1977, s. 2.

<sup>80</sup> Olin Wright 2005, s. 21.

<sup>81</sup> Sosialistisk Venstreparti 1977, s. 16.

<sup>82</sup> SV 1977, s. 2.

<sup>83</sup> Ibid., s. 16.

<sup>84</sup> Meiksins Wood 1995, s. 76.



Innan det relasjonelle klasseomgrepet høyrer òg historikaren E.P. Thompsons prosess- eller erfaringsorienterte klassetenking til.<sup>85</sup> Thompsons klasseomgrep vektlegg at klasse er eit fenomen som berre er synleg gjennom bevegelse og handling. Klassen viser seg først gjennom klasseformasjonen, sjølv om basisen for dette er å finne i relasjonane knytt til dei antagonistiske produksjonsforholda i samfunnet. Desse strukturane er grunnlaget for at det oppstår erfaringar, erfaringar som gjer noko med livet til menneska, som Meiksins Wood uttrykker det. Ifølge ho er dette grunnen til at vi har klassar og ikkje berre produksjonsrelasjonar mellom ulike strukturelle posisjonar.<sup>86</sup> SV sitt prinsippprogram trekte vekslar på samtlege av desse klasseforståingane, men partiet kan tolkast som å ha lagt det relasjonelle omgrepet til grunn for samfunnsanalysen sin.

I si vidaste relasjonelle utstrekning definerte SV arbeidarklassen som arbeidarar som fekk selt arbeidskrafta si og av arbeidslause. Kapitalismen var ein vareproduserande samfunnsformasjon der arbeidarane var tvungne til å selje det einaste dei hadde eigedomsretten til – si eiga arbeidskraft – til kapitalistane som vare på arbeidsmarknaden. Kapitalistane eigde dei fleste produksjonsmidla – t.d. råstoff, fabrikkar, maskiner – og gjennom arbeidet med produksjonsmidla vart arbeidarane utbytta ved at dei skapte ein meirverdi utover det dei fekk att i løn. Denne meirverdien gjekk i staden til kapitalisten i form av profitt. Profittmotivet var drivande i kapitalismen og styrte produksjonen.<sup>87</sup> Motsetninga mellom arbeidarklassen sin produksjon av samfunnsverdiar og styringsretten kapitalistane hadde over desse var ei uforsonleg motsetning, som berre kunne opphevast ved at arbeidarklassen reiv til seg den sosiale og politiske makta og skapte eit sosialistisk samfunn.<sup>88</sup>

Innan det relasjonelle klasseomgrepet vart klassen skildra som ueinsarta. I skildringa av industriarbeidarane kan partiet tolkast som å ha bunde saman dei ovannemnte klasseforståingane. På grunn av stillinga si i produksjonen vart industriarbeidarane haldne for å vere

[...] den viktigste del av arbeiderklassen. [...] De skaper verdi og merverdi og er utbyttingens hovedobjekt. Konsentrasjonen av industriarbeidere i større bedrifter har vært med på å legge grunnlaget for politisk handlekraft og klassebevissthet.

---

<sup>85</sup> Ibid., s. 76-77.

<sup>86</sup> Ibid., s. 80-81, 97-98.

<sup>87</sup> Sosialistisk Venstreparti 1977, s. 2-3, 6.

<sup>88</sup> Ibid., s. 6.

Industriarbeiderklassen er derfor en sentral kraft i kampen mot monopolkapitalisme og for sosialisme og demokrati.<sup>89</sup>

Her var den relasjonelle klasseforståinga tona ned, og industriarbeidarane var gitt ein framskoten posisjon innan den relasjonelle arbeidarklassen. Posisjonen vart vidare knytt til eit tydeleg historisk erfaringskonsept: Han hadde gitt og gav framleis ein særleg grobotn for at industriarbeidarane erfarte at dei stod i eit motsetningsforhold til herskarklassen. Av dette følgde det òg at dei hadde tradisjonar for å tre fram som politisk handlande, meinte partiet. SV tillå slik industriarbeidarane ei leiande stilling overfor den resterande arbeidarklassen, og partiet såg på industriarbeidarane som den tradisjonelle arbeidarklassen i både eit produksjons- og handlingsperspektiv.

Dette blir tydeleg ved korleis analysen samanstilte industriarbeidarane med resten av arbeidarklassen. SV forfekta at produksjonsendringar i ein høgt utvikla norsk kapitalisme gjorde at arbeidarklassen utvida seg: «*Antallet arbeidere og funksjonærer i serviceyrker, handel og kontor, kreditt- og finansvesen, stat og kommune øker i forhold til arbeiderne i industri, bygg og anlegg og bergverk. Arbeiderklassen blir mer sammensatt enn før*».<sup>90</sup> Som vi såg innleiingsvis, var dette ei god, dels ei føregripande skildring av at klasseforholda endra seg i den norske kapitalismen.

Strukturelle endringar i klassesamansetninga vart i hovudsak forstått som ei politisk utfordring i analysen. Som eit tydeleg positivt unnatak melde partiet at sosialistiske idear gjorde seg gjeldande i dei såkalla intellektuelle yrka. Undervisning, helse- og sosialarbeid og offentleg planlegging var døme på sektorar med slike yrke.<sup>91</sup>

Partiet meinte likevel at dei nyproletariserte sjikta i arbeidarklassen ikkje hadde «*[...] samme felles erfaring, klassebevissthet og kamptradisjoner som den tradisjonelle industriarbeiderklassen*».<sup>92</sup> Snarare var desse «*[...] ofte sterkt preget av en småborgerlig tenkning og holdninger som står i strid med deres reelle klasseinteresser*».<sup>93</sup> Klasseinteressene - ideologisk klårlagte av partiet - som følgde med dei nye klasseposisjonane vart altså ikkje oppfatta, og den usagte premissen var tesen om falsk bevissthet: Ideologi hadde mørklagt klårsynet til desse nye arbeidarklassesjikta. Det vart derfor knytt ei viss

---

<sup>89</sup> Ibid., s. 8.

<sup>90</sup> Ibid., s. 7.

<sup>91</sup> Ibid., s. 11.

<sup>92</sup> Ibid., s. 7.

<sup>93</sup> Ibid., s. 8.

bekymring eller skepsis til dei nyinnlemma delane av arbeidarklassen. Den politiske bevisstheita deira vart skildra som «annleis».

Det kan verke som at avvikande haldningar og «*småborgerlig tenkning*» blant dei nye arbeidarane var forstått som eit resultat av det sosialdemokratiske hegemoniet. Gjennom klassesamarbeidande politikk vart sosialdemokratiet vurdert som å hemme politisk og ideologisk utvikling av arbeidarklassen.<sup>94</sup> SV sikta derfor mot å «*[...] bryte ned sosialdemokratiets politiske og ideologiske innflytelse i arbeiderklassen*». <sup>95</sup> Partiet kanaliserte mykje politiske merksemd og kraft i retning av dette målet i sine første år. I så måte har historikaren Trond Bergh hevda at SV sin faglege politikk målbar ei sterk kritisk haldning til Ap sitt hegemoni i fagbevegelsen, men utan at SV greidde å meisle ut eit tydeleg politisk alternativ til dette.<sup>96</sup>

Dei ideologiske motsetningane i arbeidarklassen fekk derfor strategiske konsekvensar for SV, sidan partiet meinte at politisk bevisstheit blant arbeidarane var eit avgjerande vilkår for politisk gjennomslag i den vestlege delen av verda.<sup>97</sup>

For det første var arbeidet for einskap i ein endra og heterogen arbeidarklasse avhengig av at det vart reist eit breitt og kortsiktig erfarings- og handlingsfellesskap på tvers av snevre ideologiske skiljelinjer. Taktikken var direkte knytt til ein politisk reformkamp som skulle utvikle klassebevisstheit basert på felles erfaringar og utvikling av felles politisk innsikt. Rolla til SV var vidare å sameine erfaringane hausta i klassekampen.<sup>98</sup> Ei erfaringsorientert klassesetning var såleis ein sentral del av den strategiske tenkemåten om politikk. Den sterke vektlegginga av arbeidsfolk sine erfaringar kan tolkast som ei måtehalden problematisering av den politiske nytta til det strukturelle klasseomgrepet. Arbeidarklassen eksisterte som ein utstrekt og relasjonell lønsarbeidarklasse, men for at han skulle erkjenne interessene sine, var det nødvendig å utvikle felles erfaringar gjennom handling og kamp.

Endeleg vart utdanning skildra som eit av fleire fenomen som skapte «*[...] ulike problemar og behov innan arbeiderklassen*». <sup>99</sup> Partiet kan tolkast som å ha meint at dette var

---

<sup>94</sup> Ibid., s. 11.

<sup>95</sup> Ibid., s. 11.

<sup>96</sup> Bergh 2009, s. 104-105.

<sup>97</sup> Sosialistisk Venstreparti 1977, s. 5.

<sup>98</sup> Ibid., s. 15. Dette må ikkje forvekslast med AKP (m-l) sitt syn på fagbevegelsen. SV forfekta ikkje eit monopolisert politisk leiarskap overfor fagbevegelsen og arbeidarklassen likt det som fanst i det kommunistiske kaderpartiet.

<sup>99</sup> Ibid., s. 7.

eit av fleire trekk som utmerka dei nye delane av arbeidarklassen. At utdanning - truleg meint som eit relativt høgt utdanningsnivå - vart utskilt som ei eiga politisk utfordring, betydde ikkje at studentar vart forstått som ein del av arbeidarklassen. Programmet peikte i staden på at det hadde vakse fram ein studentbevegelse mot staten sin utdanningspolitikk. Om studentane skulle sigre i denne kampen, måtte kampen skje på vilkår. Studentkampen måtte få ei sosialistisk retning og knytast til arbeidarklassen sin kamp for å kunne lykkast.<sup>100</sup> Det kan tolkast som at studentane vart haldne for å vere ei særskilt samfunnsgruppe, og prinsipp-programmet behandla rolla deira i liten grad elles.

---

<sup>100</sup> Ibid., s. 11-12.

### 3. Språk og teori

Kapittelet handlar om korleis syna på språk og teori aktualiserte forholdet mellom arbeidarar og studentar, intellektuelle og akademikarar. Ifølge statsvitaren David Bates har den marxistiske intellektuelle sine føresetnadar i det moderne prosjektet, og historisk har han delt formålet til prosjektet ved å kritisere og forklare samfunnet gjennom rasjonelle og samfunnsvitskaplege argument, sjølv om motivet er å understøtte den politiske kampen til arbeidarklassen.<sup>101</sup>

Som vi såg i siste del av førre kapittel, har sosialistisk teori og analyse vore ein sentral del av det marxistiske prosjektet. Kommunikasjon og formidling av teori må uttrykkast språkleg. Med historikaren Knut Kjeldstadli kan vi forstå forholdet mellom språk og verkelegheit som eit medierande forhold. Dette står i motsetning til syn som at språket aktivt skaper verda for oss, eller at språket er ei direkte spegling av verda slik ho objektivt finst. Kjeldstadli understrekar i staden at språket formidlar, det vekslar mellom verd og bevisstheit. Meiningsinnhaldet i språket kan såleis bli gjenstand for forhandling og kamp.<sup>102</sup>

Den venstresosialistiske bevegelsen var seg bevisst at det låg makt i språket. Arne Nygårdsmoen, som seinare vart redaksjonsmedlem i Ny Tid, kritiserte i 1974 avisa Orientering for å vere for moralistisk og aggressiv i skrivestilen, noko han meinte gjekk ut over det politiske truverdet.<sup>103</sup> Skrivinga måtte i staden gå føre seg slik at «vanlige folk skal kjenne att seg sjøl og sine egne problemer», meinte han.<sup>104</sup> Men også dei som fekk kritikken retta mot seg understreka at Orientering skulle kunne lesast av arbeidsfolk utan teoretiske føresetnadar.<sup>105</sup>

Ei språkleg uro var framleis å finne i Ny Tid i 1977. I eit lesarinnlegg stilte fire innsendarar, som alle hadde underskrive med førenamnet sitt, spørsmål om «*Hva slags språkutdannelse krever Ny Tid for at en skal forstå innholdet i avisa?*». Innsendarane presiserte vidare at «*Språk er makt og kan lett misbrukes. Jo enklere språket er, dess flere når man! Vi foreslår at Ny Tid starter et kurs i politisk språkføring slik at alle leserne lett kan*

---

<sup>101</sup> Bates 2007, s. 5.

<sup>102</sup> Kjeldstadli 1997, s. 63-64.

<sup>103</sup> Kjos Fonn 2011, s. 274.

<sup>104</sup> Som sitert i Kjos Fonn 2011, s. 274.

<sup>105</sup> Ibid., s. 275.

*forstå hva avisa mener!».*<sup>106</sup> Dette talar for eit ønske om at teori og politikk måtte formidlast i ei form som gjorde at den kunne nå arbeidsfolk sine erfaringar.

### **Finn Gustavsen og Dagfinn Jacobsen**

Finn Gustavsen hadde yrkesbakgrunn som aluminiumsstøypar og sjølvlært journalist. Han var ein leiande sosialist, og mellom 1971-1975 var han formann i SF og parlamentarisk leiar for stortingsgruppa til Valforbundet/SV. Historikaren Øyvind Vasaasen har skildra han som ein av dei mest populære politikarane til venstre for Ap.<sup>107</sup> Gustavsens syn var derfor myndige overfor mange SV-arar, men syna hans var òg representative for fleire i SV.

Gustavsen skreiv den første nekrologen som vart trykt i Ny Tid. I nekrologen, som polemiserte mot somme intellektuelle like mykje som han resymerte over den avlidne røyrliggaren, fagforeiningsmannen og SV-stortingsrepresentanten Kai Øverland, kan Gustavsen tolkast som å ha skilt ut tre kategoriar intellektuelle: den arbeidarintellektuelle, den tradisjonelle sosialistiske intellektuelle og den undervisande intellektuelle. Øverland vart skildra som ein intellektuell arbeidar, som eit framifrå døme til etterfølging. Ved å slå fast at han «[...] var en kamerat med få eksamener og mye vett», avgrensa Gustavsen Øverland frå dei med formell akademisk bakgrunn. Kunnskapsomgrepet vart i staden knytt til det kvardagsnære og dagsaktuelle, og det var fylt med eit relevant, allsidig og praktisk-politisk innhald, for Øverlands styrke var heller «[...] den overveldende kunnskapsrikdom som spente over de fleste politiske områder som angår menneskene i verden, her og nå».

Statueringa av den arbeidarintellektuelle Kai vart stadfesta ved at han var marxist, men like mykje ved at han aldri spelte på klassebakgrunnen sin eller gøymte seg attom revolusjonære frasar, attom noko som kan tolkast som eit sterkt negativt syn på ein fraseradikalisme. Denne fraseradikalismen, eit omgrep Gustavsen ikkje bruka sjølv, var å forstå som ein undervisande, uforståeleg og derfor upraktisk eller direkte politisk hemmande radikal talemåte. For Gustavsen hadde slik talemåte motpolen sin i det kvardagsnære. Og det var i den kvardagslege politiske kampen blant kvardagsmenneske at Øverland hadde vore verksam, meinte han. Det undervisande, radikale språket skildra ikkje den politiske verkelegheita, og derfor var òg utøvarane av det – i motsetning til arbeidarintellektuelle som Øverland – ute av stand til å vise reelt politisk leiarskap, kan Gustavsen tolkast som å ha meint.

---

<sup>106</sup> Ny Tid 1977 nr. 29, 21. juli.

<sup>107</sup> Vasaasen 1990a, s. 67.

Dei tradisjonelle sosialistiske intellektuelle kunne på si side vere ei positiv gruppe for Gustavsen. Det var dei om dei trødde inn i det sosialistiske handlingsfellesskapet på vilkår. Dei var velkomne til å samarbeide om dei erkjente nødvendigheita av å innrette seg med klassebevisste arbeidarar som Øverland, og om dei til ein viss grad underordna seg den arbeidarintellektuelle sitt praktisk-politiske kunnskapshegemoni. Gustavsens ytringar kan tolkast som at intellektuelle og akademikarar ikkje var nokon «andre» om dei aksepterte desse vilkåra.

Minnet om Øverland var knytt til ei tid da Gustavsen meinte at forholdet mellom arbeidarar og akademikarar var betre enn i 1975, nemleg da Gustavsen sjølv hadde verka i krinsen rundt Orientering på 1950-talet og seinare SF på 1960-talet. Om dei tradisjonelle sosialistiske intellektuelle aksepterte vilkåra han sette fram, var også dei avgrensa frå samtida sine fraseradikalarar, desse «[...] borgerskapets sønner og døtre som nyfrelste [sic] belærte fagforeningsfolk om revolusjon og sosialisme».<sup>108</sup> Formuleringa stempla den ungdommelege radikalismen med eit klassefiendtleg opphav og var utan tydeleg adressat. Det tvitydige ved kven formuleringa var retta mot gjorde at både ml-arar og SV-arar kunne vere skyteskive. Slik kunne Gustavsen både avgrense SV frå AKP (m-l) utetter, samtidig som han forsøkte å markere leiarskap overfor «andre» i SV. Gustavsen skapte på denne måten språklege, aldersmessige og klassemessige «andre» innan venstreopposisjonen.

I same nummer av Ny Tid vart liknande tenkemåtar sette fram i eit lesarinnlegg frå Dagfinn Jacobsen. Han søkte å tale på vegner av arbeidsfolk. Jacobsens ytringar stod likevel i meir positive og framtidsretta forteikn. Jacobsen hadde ein annan politisk bakgrunn enn Gustavsen. Han var kommunist og mangeårig klubbformann ved Jernverket i Mo i Rana.<sup>109</sup> Hausten 1975 stod han attom eit opprop for å få NKP til å halde fram samlingsprosessen i SV. Ifølge Ny Tid slutta over 100 NKP-arar med tillitsverv i fagbevegelsen seg til oppropet.<sup>110</sup> Jacobsen var vararepresentant til Stortinget for SV/Valforbundet mellom 1973-1977, og i 1976 stod han i spissen for at 44 Rana-kommunistar gjekk ut av NKP og inn i SV.<sup>111</sup> Jacobsen representerte slik på mange måtar den gode SV-arbeidaren: Han var ein respektert, fagleg engasjert og klassebevisst industriarbeidar som tenkte nytt og udogmatisk om revolusjonær organisering.

---

<sup>108</sup> Ny Tid 1975 nr. 4, 5. september.

<sup>109</sup> Slottemo 2008, s. 320.

<sup>110</sup> Ny Tid 1975 nr. 13, 7. november.

<sup>111</sup> Ny Tid 1976 nr. 15, 23. april.

Jacobsens innlegg var ei melding av den nye faglege studieboka til Sosialistisk Opplysningsforbund (SO), den nyskipa studieorganisasjonen til SV. Bakgrunnen var ei kritisk haldning til det tidlegare skoleringsmaterialet han hadde hatt med å gjere. Det var forma, ikkje innhaldet, som ifølge han hadde vore problemet. Jacobsen stadfesta at dette hadde vore eit problem både i NKP og SF, og det var spesielt problematisk at teoretikarane hadde hatt lite kunnskap om forholda i fagbevegelsen.

Jacobsen meinte at den nye studieboka braut denne tradisjonen. Han poengterte særleg at språket i boka var ypparleg. «*Vi arbeidsfolk*», understreka han, «*[...] fører et annet språk, og det kan ofte være vanskelig for andre å forstå. Mange har ikke kontakt med språket vårt, det oppstår misforståelser og problemer*». Denne boka forklarte derimot det mange elles tykte var «*[...] små ting, men som er store og viktige ting for oss i arbeidslivet*».<sup>112</sup> I Jacobsen si forståing var språket nærmast noko essensielt og autonomt ved industriarbeidarane, ja, sjølve perspektivet var også innstilt annleis hos dei. Desse særeigne trekka ved arbeidarane hadde ikkje blitt forstått av tidlegare teoretikarar, og Jacobsen meinte at det var grunnen til at det intellektuelle språket ikkje hadde vore tilstrekkeleg. Der Gustavsen meinte at fraseradikalarane ikkje kjente til den politiske verkelegheita fordi dei var kvardagsfjerne, meinte altså Jacobsen at teoretikarane tidlegare ikkje hadde knekt språkkoden av di dei ikkje kjente til den spesielle kulturen og veremåten til arbeidarane.

Verken Gustavsen eller Jacobsen hadde anti-teoretiske haldningar. Båe to argumenterte for eit samarbeid mellom teoretikarar og klassebevisste arbeidarar på visse vilkår. Studieboka til SO var laga på dette vilkåret. Historiestudenten Knut Kjeldstadli, som hadde vore sekretær i arbeidsgruppa, understreka kor lærerikt det hadde vore å arbeide saman med kameratar med ulik bakgrunn og erfaringar.<sup>113</sup> Kjeldstadlis audmjuke haldning var i tråd med Gustavsens syn på korleis sosialistiske akademikarar og teoretikarar burde stille seg i forhold til klassebevisste arbeidarar.

### **Kontrast-miljøet**

Sjølv om Gustavsen og Jacobsen delte eit syn på kva som var god språkbruk og det normative forholdet mellom arbeidarar og teoretikarar, var det paradoksale ved syna kven dei kunne vere retta mot. Når Jacobsen roste dei intellektuelle i SO, var det fleire i dette miljøet som kunne råkast av Gustavsens polemikk mot dei «andre» på venstresida. Ifølge Øyvind Vasaasen var

---

<sup>112</sup> Ny Tid 1975 nr. 4, 5. september.

<sup>113</sup> Ny Tid 1975 nr. 3, 28. august.



Kontrast-miljøet sjølve kjernen i SF si veksande venstreside da partiet gjekk inn i SV. Knut Kjeldstadli og Arne Nygårdsmoen er allereie nemnt, men intellektuelle som Rune Slagstad og Steinar Stjernø var også blant dei sentrale i Kontrast-miljøet som gjekk aktivt inn i SV.<sup>114</sup> I SV deltok dei særleg i SO.<sup>115</sup>

Til Kontrast-miljøet sokna også kjernen i gruppa som vart kjent som dei uavhengige sosialistane i Valforbundet. Blant desse fanst fleire sentrale arbeidarnamn.<sup>116</sup> Kontrast-miljøet hadde såleis vore eller eit forbund av typen som Gustavsen og Jacobsen tok til orde for. I sjølvbiografien sin skildra Gustavsen Kontrast-miljøet i negative ordelag.<sup>117</sup> Gustavsens polemiske nekrolog lyt derfor sjåast på bakgrunn av at han representerte høgresida i SF. Han stod i politisk opposisjon til mange i SV, særleg til dei unge intellektuelle som ikkje ønskte at SV skulle bli likt Gustavsens SF. Dei ville i staden at SV skulle bli eit meir radikalt og marxistisk parti enn det SF hadde vore.<sup>118</sup>

### **Den redaksjonelle linja**

Gustavsens formaningar om ein feilaktig, opphøgd intellektualisme hadde likevel ein leiande posisjon i meiningsproduksjonen i Ny Tid. I fordømminga av det belærande radikale språket fann han t.d. støtte hos redaksjonen, som Gustavsen hadde stått i strid med om avispolitiske og journalistiske spørsmål. Ved fleire høve latterleggjorde avisa Kontrast-miljøet. Våren 1976 førte avisa fram ein krass kritikk av eit Kontrast-nummer om samliv. Innhaldet i nummeret vart ikkje kommentert, men språket vart skildra som tullete teoretisering og innfløkt.<sup>119</sup>

Redaksjonen si skildring vekte reaksjon. I eit lesarinnlegg forsvarte Live Brekke Kontrast-nummeret som eit vellukka forsøk på «[...] å integrere i den revolusjonære teori menneskenes dagligdagse hverdagserfaringer». Gustavsen hadde lagt sterk vekt på det kvardagsnære i rosen av Kai Øverland og knytt dette til den arbeidarintellektuelle sitt kunnskapshegemoni. Brekke forsøkte på si side å binde kvardagserfaringane til eit revolusjonært, kanskje meir autonomt teorisyn. Å neglisjere innhaldet i dette nummeret meinte ho var å neglisjere vidareutviklinga av revolusjonær politikk i det heile. Brekke slo fast at teoretiske omgrep var heilt nødvendige for å forstå ei vanskeleg verd: «*Ny Tid må ikke*

---

<sup>114</sup> Vasaasen 1990b, s. 20, 55.

<sup>115</sup> Rossavik 2011, s. 207.

<sup>116</sup> Mellom anna skolerte og klassebevisste arbeidarar som Kjell Fiskerud, klubbformann ved transformatorfabrikken ASEA Per Kure; Roald Halvorsen, typograf og nestleiar i SV i 1975; Ove Larsen, platearbeidar ved Nyland og sentral i SV sitt faglege utval mellom 1975-1977. Sjå Vasaasen 1990b, s. 20-21, 55.

<sup>117</sup> Gustavsen 1979.

<sup>118</sup> Rossavik 2011.

<sup>119</sup> Ny Tid 1976 nr. 17, 6. mai.

*gjøre seg til et talsblad for antiteoretiske holdninger, men for god teori. Og det må utøves sjølkritikk for den stefaderlige behandling av Kontrasts Samlivsnummer».*<sup>120</sup>

Brekke sine formaningar var fånyttas. I svaret sitt, som var klårlagt og trykt i same nummer, viste redaksjonen til at «Teori som er ubegripeleg for andre enn dei sosialistiske yppersteprestane, er bortimot verdilaus». Den meinte at Kontrast-miljøet stod i eit ufruktbart forhold til teorien, og at den derfor ikkje kunne få praktiske konsekvensar. Redaksjonen gjorde det klart at han ikkje hadde meint å kritisere Kontrast-miljøet, men å henge det ut – og at han framleis stod for dette.<sup>121</sup> Ny Tid si redaksjonelle linje var dermed tydeleg. Revolusjonær teori hadde ingen eigenverdi i seg sjølv, han måtte tene ei praktisk-politisk nytte. Teorien kunne snarare ha ein skadeleg verknad ved at han vart bruka til å sette aktørar i ein sjølvhevdande, undervisande og avgrensande posisjon overfor resten av bevegelsen, jf. skildringane av dei teorilærde som «dei sosialistiske yppersteprestane». Harseleringa handla om at desse ikkje klarte å uttrykke nyttig teori på ein forståeleg måte for sosialistar og arbeidarar flest. Slik kunne teoretikarane vere «andre» som stod i motsetning til det arbeidarnære fellesskapet Ny Tid ville skape. Å ha godt språk og god stil vart halde for å vere nøkkelen til å skape dette fellesskapet.

Somtid nyttiggjorde Ny Tid seg av mektige forteljingar for å stille forholdet mellom arbeidarar og ein «akademisme» skarpt. I ein redaksjonell bursdagsgratulasjon til Aasmund Selfors frå Mo i Rana, arbeiderveteranen som fylte 90 år i 1976, bruka avisa høvet til å klårgjere at teorien var underordna kvardagskampen:

*Politisk teori er en forutsetning for å begripe mekanismene i samfunnet. Historisk vitenskap er nødvendig for å få orden på å [sic] skape oversikt og påvise årsaker i menneskelivet. Men uten praktisk ervervet viten om urett, utbytting og kamp mot urett og utbytting havner en altfor lett og bekvemt i gold teoretisering og livsfjern akademisme.*

Arbeidarerfaringa vart skildra som den fremste kjelda til politisk erkjenning. Selfors hadde lært «[...] virkelighetens lekser som få andre» og trekt tunge lass «[...] i den beste av alle videregående skoler: fagforeningene og den politiske arbeiderbevegelse». Innsikt erverva gjennom kvardagskampen vart framstilt som eksepsjonell, som ein garanti mot livlaus teoretisering og fjern «akademisme». I Ny Tid sitt tilbakeblikk var derfor Selfors personifiseringa av både kvardagskampen og «[...] den kjappe, aktive holdning, den uredde,

---

<sup>120</sup> Ny Tid 1976 nr. 21, 3. juni.

<sup>121</sup> Ibid.

*rettframme betraktning og mening om både saksforhold og personer*». <sup>122</sup> Ei vitalistisk arbeidarhaldning vart slik sett opp mot eit ufruktbart teorisyn og ein «*livsfjern akademisme*». Fortellinga om Selfors' liv kan tolkast som eit døme til lærdom for teoretikarar og akademikarar, ei autoritativ påminning om rolla dei spelte i det sosialistiske handlingsfellesskapet i 1976. Teoribruk kunne slå ut i uønskt og «annleis» «*akademisme*» dersom han ikkje vart kopla til politisk praksis og arbeidarerfaringar. Her stod Ny Tid for den same tenkemåten som Finn Gustavsen i nekrologen over Kai Øverland.

Om det fanst anti-teoretiske haldningar i SV, var dei retta mot forma – ein uforståeleg talemåte – eller mot teorien som eit mål i seg sjølv. I kontrast til dette var praksisretta studiar eit stort satsingsfelt i det nye partiet. Gjennom SO vart det lagt prestisje i å drive eit vidstrekt sosialistisk opplysningsarbeid. Det var dimensjonar over dette arbeidet. SO-leiaren og den sentrale akademikaren Rune Slagstad melde at SO ville avslutte over 800 studietiltak i løpet av 1975. Ifølge han var dette meir enn det doble av studiearbeidet SF og NKP til saman hadde gjennomført i 1973. <sup>123</sup> Aktørane sjølve kunne kaste eit historisk sus over skoleringsarbeidet. Tor Bjerkmann, ein sentral skikkelse i SO, meinte at studieverksemda både var tradisjonell og nyskapande. Han greip attover ved å vise til at SO «*[...] hadde tatt opp tradisjonen etter Holterman Knudsens [Christian H.K., grunnleggaren av Arbeidarpartiet i 1887] tid med åpne sosialistiske kveldsskoler*». Samtidig la Bjerkmann vekt på at det faglege studieverket, utarbeidd av blant anna Knut Kjeldstadli og autorisert av Dagfinn Jacobsen, var eit nybrottsarbeid. Det banebrytande ved verket var ifølge han at det gav ei grunding innføring i fagbevegelsen frå eit revolusjonært perspektiv. <sup>124</sup>

SO sitt teoretiske opplysningsarbeid skulle likevel ikkje ta form av ein marxistisk høgskule, meinte Rune Slagstad i eit intervju i 1976. <sup>125</sup> Ytringa kan tolkast som ein reaksjon på det statsvitaren Anthony Arblaster har kalla institusjonaliseringa av det intellektuelle livet. Ifølge han har eit sentralt trekk ved det 20. hundreåret vore at intellektuell verksemd – i vårt høve radikal politisk tenking – i aukande grad har vorte skilt ut som ei disiplinutøving knytt til *akademia* som institusjon. <sup>126</sup>

---

<sup>122</sup> Ny Tid 1976 nr. 32, 26. august.

<sup>123</sup> Ny Tid 1975 nr. 9, 10. oktober.

<sup>124</sup> Ny Tid 1975 nr. 18, 12. des.

<sup>125</sup> Ny Tid 1976 nr. 34, 10. september.

<sup>126</sup> Bates 2007, s. 3.

Slagstad ønskte seg nok ikkje at teoretisk skoloring skulle vere eit avsondra og særskilt verkefelt i SV: Skoloring skulle ikkje gå føre seg på eit institusjonalisert og hierarkisk «anna» vis. I staden understreka han at skoloring og politisk arbeid gjekk hand i hand. I kontrast til høgskulemarxismen gjekk han inn for skoloring i levande og dynamisk marxisme. Dette var viktig for å vidareutvikle det teoretiske grunnlaget, men teoriarbeidet fungerte òg som eit bolverk mot at partiet skulle hamne i livlaus sosialdemokratisme på den eine sida og ein dogmatisk sekterisme på den andre, meinte Slagstad.<sup>127</sup> Dei dogmatiske sekteristane var truleg å forstå som AKP (m-l) og NKP.

### **Ytringar frå arbeidsfolk**

Vaskehjelpa Margith Andersen, som òg var fylkestingpolitikar for SV, sette i eit portrettintervju fram påstandar om arbeidarklassen sin veremåte. Andersen var kritisk til det ho forstod som ein arbeidarfjern tenkemåte i SV. Ho meinte at mange SV-arar trudde dei tenkte «[...] som folk flest. Det gjør de ikke. Og prater de slik de tenker går de over hodet på arbeidsfolk. Vi må snakke rett fram og enkelt så arbeiderklassen skjønner hva vi sier! Det er forferdelig viktig!». Til liks med Finn Gustavsen var Andersen kritisk til ein svevande talemåte. Som Dagfinn Jacobsen meinte ho òg at språket kunne avgrense arbeidsfolk frå tale- og tenkemåten til nokon sosialistiske «andre». I kontrast til dette gjorde ho derfor arbeidsfolk sine tenkemåtar likt eit nærmast naturleg klårt språk. Som Andersen sjølv understreka, tala ho «[...] fra leveren og det slik at arbeidskameratene mine forstår meg».<sup>128</sup> Skulle arbeidsfolk skjønne kva «andre» meinte, galdt det å tale enkelt eller direkte, var Andersens essensialistiske tenkemåte. Ytringa kan òg tolkast som reduserande. Meinte Andersen at arbeidsfolk utelukkande var lite mottakelege for ein abstrakt, kanskje teoretisk talemåte?

Etter SV sitt første ordinære landsmøte i februar 1976 vart det sett fram fleire kritikkar av eit intellektuelt SV. Gerd Breidal hadde stilt som landsmøtedelegat frå ein industristad i Telemark, fylket der Valforbundet hadde gjort sine største prosentvise vinningar i forhold til SF og NKP sitt samla stortingsvalresultat i 1969.<sup>129</sup> I eit lesarinnlegg avslørte Breidal noko ho forstod som ein hol teoretisk snakkemåte: «Det nytter ikke i lengda å komme med teorier og store ord i øst og vest om sin solidaritet med den klassen de egentlig ikke har noen kontakt med». Adressaten var den upresist definerte leiarskapen i partiet, som avsendaren meinte bestod av teoretikarar og intellektuelle. Oppfatninga hennar var i likskap med Ny Tid at

---

<sup>127</sup> Ny Tid 1976 nr. 34, 10. september.

<sup>128</sup> Ny Tid 1976 nr. 30, 12. august.

<sup>129</sup> Valen og Rokkan 1974, s. 208.

teorien ikkje hadde nokon eigenverdi som såleis. Den spelte berre ei rolle knytt til politisk praksis. Det burde vere ei smal sak for leiarskapen, desse med «[...] universitetsutdannelse og andre aktiva i dagens konkurransesamfunn», å attreise balansen mellom teori og praksis, meinte Breidal.

Ho gav på denne måten uttrykk for at dei akademiske «andre» sitt inntog i partiet var framandgjerande. Dette var ei utvikling som vart sett i openberr samanheng med ei tillitskrise. Underforstått var da desse teoretikarane ei gruppe som det var usikkert om ein kunne stole på. Tillitskrisa var både nært knytt til og påskunda av at Finn Gustavsen hadde mista posisjonar på landsmøtet, ei hending som vart skildra som både brutalt og likesælt overfor «[...] det han har betydd for arbeiderpolitikken og for oss som har djupe røtter i arbeiderklassen».<sup>130</sup>

I eit intervju etter landsmøtet trakk ikkje verkstadsarbeidaren Morten Sveum dei same konklusjonane om svekt tillit til leiarskapen, men han meinte at kriseprogrammet til partiet var ein «[...] avansert innførings sirkel i marxisme – helt ubrukelig som praktisk program». Det same var gjeldande for framlegget til økopolitisk plattform, som han skildra som «Altfor teoretisk - jeg klarte nesten ikke å lese det». Sveum, som likte Ny Tid og særleg den faglege dekning til avisa godt, meinte at bae desse sakene var viktige, men at det var «[...] avgjørende at partiet finner fram til et språk og en stil som folk forstår!».<sup>131</sup>

Slike reaksjonar hadde nok mykje ved seg. I SV sine første år var det mykje ideologisk og teoretisk uro som truleg verka fjern eller unødvendig for mange meinige medlemmar og sympatisørar. Innan NKP braut samlingsprosessen i november 1975 hadde partiet stilt krav om at SV sitt ideologiske grunnlag måtte vere marxismen-leninismen og at prinsippprogrammet ikkje skulle vere for kritisk til Sovjetunionen. På den andre sida ønskte storparten av dei resterande partia seg marxismen som ein analytisk reiskap og ein partiorganisasjon etter vanleg demokratisk struktur.<sup>132</sup> For det andre var det økopolitiske spørsmålet eit nytt politisk emne for mange. Økopolitikken var òg eit uavklart spørsmål innan partiet vedtok ein økopolitisk plattform på landsmøtet i 1976.<sup>133</sup>

---

<sup>130</sup> Ny Tid 1976 nr. 11, 18. mars.

<sup>131</sup> Ny Tid 1976 nr. 8, 25. februar.

<sup>132</sup> Rossavik 2011, s. 193-199.

<sup>133</sup> Ibid., s. 219.

## Leiarskapen og det arbeidarnære språket

Kritikken av eit kvardagsfjernt, akademisk og teoretisk språk vart tatt alvorleg av dei som kjente seg råka av denne eller følte ansvar for at det vart ført ein arbeidsfolkeleg tone i partiet. Dette understrekar at kritikken var leiande. Berge Furre vart valt som leiar for SV på landsmøtet i februar 1976 og heldt denne posisjonen til 1983. Historieprofessoren Furre var ikkje blant dei unge nyradikaliserte i SV, og han var truleg ikkje oppfatta som ein «annan» av venstresosialistar flest, sjølv om han kunne råkast av Gerd Breidals leiarskapskritikk. Furre hadde i staden lang erfaring i arbeidarbevegelsen: Først som medlem av det Ap-tilknytte Sosialistisk Studentlag, sidan, etter at studentlaget vart kollektivt ekskludert frå Ap i 1958, som ein sentral politiskar i SF.<sup>134</sup>

I dekninga av landsmøtet i 1976 vedgjekk Furre at SV hadde mista det folkelege tildrivet som hadde gitt den venstresosialistiske bevegelsen «[...] språk og stil og saker som folk på fabrikkgolvet, på åkeren, på fiskebåten forstod og kjende som sitt eige» i etterkant av EF-kampen. Han meinte at teoridebattane var grunnen til dette tapet og viste til at «Folk måpa til framandordflaumen, og undrast kva vi meinte og korleis vi var blitt slik». Furre la i det heile sterk vekt på korleis arbeidsfolk oppfatta partiet: «Skal vi framover att, må vi finna att språket, stilen og sakene som gjer at arbeidsfolket i dette landet opplever at vi er deira parti med deira språk og stil og saker».<sup>135</sup> Vi kan forstå det politiske språket Furre ønskte seg som det «arbeidsfolkelege» språket, noko som truleg indikerte meir enn eit språk retta mot den relasjonelle arbeidarklassen. Fiskarar og bønder vart ofte forstått som ein del av arbeidsfolket, slik Furre peikte på, og prinsippprogrammet hevda òg at mange fiskarar og bønder var såpass knytt til arbeidarklassen at dei nærmast var ein del av han.<sup>136</sup> Samanbindinga av gruppene lyt sjåast på bakgrunn av EF-kampen, der alliansen mellom desse hadde vore viktig for utfallet.

Til liks med Morten Sveum forstod Furre eit klårt språk og ein god stil som nøkkelen til å nå ut til folket. I så måte meinte han i hovudsak at SV sitt problem var kommunikativt, ikkje politisk. Denne haldninga vart delt av fleire i partileinga. Otto Hauglin var komen med i SV gjennom Ap-motstanden mot EF. Han vart utnemnt som ein av tre nye nestleiarar i SV på landsmøtet i mars 1977. Hauglin hadde sitte som stortingsrepresentant for Valforbundet/SV sidan 1973, men uttrykte i eit intervju at han no ville rette innsatsen sin mot det utanomparlamentariske arbeidet. Intervjuet bar tittelen «-Jeg trives på stand og torgmøter»,

---

<sup>134</sup> Rossavik 2011.

<sup>135</sup> Ny Tid 1976 nr. 8, 25. februar.

<sup>136</sup> Sosialistisk Venstreparti 1977, s. 12.

noko som indikerte kvardagsnærleik og folkelegheit. Hauglin understreka at SV hadde forbedringspotensial når det kom til

*Aksjonsformer, språk og måten å opptre på – som i sin form appellerer til vanlige folk. Når det gjelder våre aksjonsformer har vi ofte hatt for lite av både jordledning og antenne. Vi må åpent innse at 'aksjonsspråk' når dårlig fram til bygdebefolkning, til hjemmearbeidende kvinner og delvis på arbeidsplassene.*

Hauglin viste til eit svevande SV som sleit med å fange inn det som rørte seg blant folk flest. Han var opptatt av å unngå «[...] unødvendige provokasjoner av kulturell art, der folk egentlig var enig i våre standpunkter og saker». Kva som kjenneteikna dette aksjonsspråket utover at det var politisk unyttig, gjekk han ikkje inn på. Kan hende var det eit radikalt, agiterande språk, kan hende var det forstått som eit kvardagsfjernt, teoretisk språk. Det var likevel å forstå som eit kulturelt «annleis» språk med avgrensa politisk nytte. I likskap med Furre meinte han vidare at SV sitt problem var formidlinga av politikken. Partiet hadde politikk som folk i utgangspunktet støtta breitt opp om, breitt nok til at SV burde ha oppslutning på over 30%, ifølge Hauglin.<sup>137</sup>

### **Arbeidarromantikken i SV**

Vi har sett at mange ytringar kan tolkast i retning av at mange aktørar mislikte eit kvardagsfjernt språk, og at mange av dei meinte at dette var noko som sprang ut av ein akademisk eller teoretisk «annan» veremåte.

Korfor la leiarskapen så tung vekt på arbeidarnært og folkelege språk? Historikaren Gareth Stedman Jones har peikt på at politisk kommunikasjon både handlar om å svare på eksisterande behov og å skape nye behov blant dei som blir adresserte.<sup>138</sup> «Arbeidsfolket» var ei forlenging av arbeidarklassen i si vidaste relasjonelle utstrekning, og desse var dei politiske subjekta for SV. Fokuset på det arbeidarnære og folkelege språket er såleis forståeleg på ein generell politisk bakgrunn.

Den nære fortida kan likevel kaste eit spesielt forklårande lys over det språklege fokuset. EF-kampen var eit viktig referansepunkt for både Hauglin og Furre. Hauglin vektla kor viktig det utanomparlamentariske massearbeidet var for SV.<sup>139</sup> EF-kampen hadde vore prega av ei brei, utanomparlamentarisk massemobilisering av folket rundt eit klårt ad-hoc-standpunkt: Nei! til EF. I 1973 hadde Valforbundet gått til val på ein klår bodskap lik den som

---

<sup>137</sup> Ny Tid 1977 nr. 12, 17. mars.

<sup>138</sup> Stedman Jones 1983, s. 24.

<sup>139</sup> Ny Tid 1977 nr. 12, 17. mars.

prega den utanomparlamentariske Nei-sida under EF-kampen. Bodskapen kom kategorisk til uttrykk i det såkalla 33-punktsprogrammet. Her vart Valforbundet sine politiske krav ramsa opp i klårtekstleg stikkordform med påfølgande utropsteikn.<sup>140</sup> Valforbundet sitt sterke valresultat i 1973 gav nok tildriv til at leiarskapen forstod den venstresosialistiske bevegelsen som arbeidarnær og folkeleg. Hauglin forsøkte nok å knyte an til dette tildrivet. Han ønskte å halde det ved like, og Furre viste tydeleg til at den største styrken til SV var at partiet hadde makta å stå «[...] fram av kruttrøyken frå EF-kampen med rot i folkerørsla – på grasrota».<sup>141</sup>

Furre og Hauglin sine merknadar gav uttrykk for eit ønske om å finne tilbake til det utvitydige folkelege språket som hadde kjenneteikna den venstresosialistiske bevegelsen i tida etter EF-kampen. Teoridebattane i samband med skipinga av SV vart haldne for å ha svekka oppfatninga av SV som eit folkeleg arbeidarparti blant mange, og det var nok debattane ein viktig årsak til òg. På bakgrunn av dette kan den gode stilen og det gode språket som vart halde for å fenge hos arbeidsfolk tolkast som å ha vore eit enkelt språk. Dette språksynet liknar det Stedman Jones har skildra som

[...] a romantic conception of language in which what is at the beginning inner and particular struggles to outward expression and, having done so, finds itself recognized in the answering experience of others, and hence sees itself to be part of a shared experience.<sup>142</sup>

Det var to sider ved korleis dette språksynet kom til uttrykk. Den eine sida dreia seg om forholdet mellom språk og politisk erkjenning hos arbeidsfolk. Her handla det om å løyse ut dei erfaringsmessige føresetnadane som arbeidsfolk hadde for politisk erkjenning. Dette var føresetnadar som vi med støtte hos Ellen Meiksins Wood dels kan finne i dei antagonistiske produksjonsforholda i samfunnet.<sup>143</sup> Fokuset på eit arbeidarnært språk kan tyde på at leiarskapen såg arbeidarspråket som ei sentral vilkårsmoglegheit for sosialistisk erkjenning. Vart arbeidarspråket vurdert som å innehalde sosialisme? I så fall vart språket kanskje vurdert som å bere ei latent, sosialistisk haldning som venta på å bli utløyst ved at ho vart erfaringsgjort gjennom eit arbeidarnært språk. Sjølv om leiarskapen i SV ikkje stod tydeleg for slike tenkemåtar, er ikkje synet særmerkt i eit venstresosialistisk historisk perspektiv.

---

<sup>140</sup> Nyhamar 1990, s. 210.

<sup>141</sup> Ny Tid 1976 nr. 8, 25. februar.

<sup>142</sup> Stedman Jones 1983, s. 20.

<sup>143</sup> Meiksins Wood 1995.



Historikaren Stephen Hastings-King har lagt vekt på at ei amerikansk ikkje-leninistisk gruppe har sett på arbeidarkultur som noko som allereie rommar sosialisme.<sup>144</sup>

Dette tyder på at leiarskapen hadde eit instrumentelt språksyn, noko som ikkje stod i motsetning til det ovannemnte synet. Om språket skulle realiserast til sosialistiske haldningar, måtte det aktiv handling til. Leiarskapen forstod nok SV som «the answering experience» som formidla erkjenningar frå sosialistisk tenking og politikk. Arbeidsfolk ville kanskje forstå sosialismen om han vart formidla til dei på deira eigne språkpremissar i eit arbeidsfolkeleg språk. Dette var den framoverskridande sida ved språksynet, der formidlinga stod sentralt, ei formidling som skulle skape breie erfaringar av at SV sin sosialistiske strategi var nødvendig. Som vi har sett, la prinsippprogrammet sterk vekt på at partiet måtte binde saman erfaringar mellom arbeidsfolk.

Trua på den politiske krafta i arbeidarnært språk og stil som gjekk att i Ny Tid, står fram som litt naiv. SV hadde nok både språklege og politiske problem, sjølv om Furre og Hauglin la vekt på dei språklege. Valforbundet tok mange veljarar frå Ap ved valet i 1973. Mange av desse veljarane gjekk tapt for SV ved vala i 1975 og 1977. Historikaren Francis Sejersted argumenterer i så måte for at valet i 1973 vart feiltolka av Ap. Han hevdar at Ap tolka valresultatet og oppslutnaden om Valforbundet som at folket hadde vorte radikaliserert i samband EF-kampen, og at Ap derfor dreia inn på ein politisk venstrekurs etter 1973 for å demme opp for Valforbundet og SV.

I verkelegheita, meiner Sejersted, «[...] var 1973-valget et konservativt valg. Det velgerne stemte for, var en opprettholdelse av den eksisterende orden – utenfor EF. Dessuten var dette valg det første etter krigen der de borgerlige velgerne var i flertall».<sup>145</sup> Valforbundet hadde vore den mest tydelege politiske manifestasjonen av den folkelege EF-kampen, og mange i SV såg det nye partiet som ein forlenga faneberar for det breie arbeidsfolkelege mandatet Valforbundet hadde fått. Stod dei politiske og ideologiske ambisjonane til eit nytt og radikalt venstresosialistisk parti i motsetning til motiva mange arbeidarveljarar hadde for å røyste Valforbundet i 1973?

Vi må problematisere Sejersteds tese. Det er ikkje innlysande at det var ei motsetning mellom radikale ideal i SV og konservative tenkemåtar blant arbeidsfolk. Snarare var dette

---

<sup>144</sup> Hastings-King 2015, s. 165-166.

<sup>145</sup> Sejersted 2000, s. 117.

ofte samanfallande politiske tenkemåtar i Ny Tid. Da avisa melde at Papirindustriarbeiderforbundet kravde nasjonalisering av den økonomisk utsette treforedlingsindustrien, gjorde Ny Tid lesarane merksame på at SV lenge hadde kravd statleg styring for å sikre desse arbeidsplassane.<sup>146</sup> Nasjonaliseringa, eit forholdsvis radikalt politisk krav, skulle tene eit konservativt føremål: Å sikre arbeidsplassar som fanst innanfor den sosialdemokratiske ordenen. Som ofte elles var SV her i tråd med krava frå fagbevegelsen.

Leiarskapen si vektlegging av arbeidarspråket var kanskje litt naiv, men han stod ikkje aleine om dette fokuset. Aktørar som søkte å tale på vegner av arbeidsfolk, som Dagfinn Jacobsen og Margith Andersen, forfekta òg dels romantiske syn på arbeidarspråket. I essensialistiske termar skildra dei det som framandt annleis eller uklårt enkelt. Med unnatak av Jacobsen, som meinte at konkrete døme i lettfatteleg språk var ein god måte å formidle politikk og teori på, var det òg ein påfallande mangel på konkrete råd om korleis språkkoden kunne knekkast, utover banale ytringar som at ein måtte snakke «*rett fram og enkelt*», slik Andersen formulerte løysinga.<sup>147</sup> At aktørar som søkte å tale på vegner av arbeidsfolk sjølv kunne ha eit mystifiserande syn på arbeidarspråket, kan heller ha vore ein faktor som bidrog til å forsterke leitinga etter det arbeidarnære språket.

### **Kritikk og sjølvkritikk blant studentar og akademikarar**

Korleis reagerte studentar, akademikarar og intellektuelle på at mange aktørar ofte forklarte uønskt framferd med eit kvardagsfjernt akademisk og teoretisk språk? Dei delte i hovudsak dette leiande synet sjølve. Etter SV sitt dårlege lokalval i 1975 sette mange av dei fram både sjølvkritikkar og kritikkar av haldningar blant studentar, akademikarar og intellektuelle.

Erik Rudeng hadde arbeidd som vitskapleg assistent under professor Johan Galtung.<sup>148</sup> I ein kronikk forfekta han at tilsiget av «*[...] partiaktiv ungdom med høgere utdanning, store talegaver og mye teori [...]*» hadde vore med på å distansere folk frå sosialistisk ideologi. Rudeng meinte vidare at «*I en tid med tiltakende økonomisk og sosial usikkerhet er det tydelig at universitetspreget sosialisme har liten tiltrekkingskraft som ideal og veiviser*».<sup>149</sup> Her fanga Rudeng truleg inn ein sentral tenkemåte blant mange radikale akademikarar og studentar. Kritikken kan tolkast som eit uroleg uttrykk for at sosialismen sitt handlingsorienterte innhald skulle diskrediterast ved at sjølve ideologien vart oppfatta som lik forma i ein teoretisk,

---

<sup>146</sup> Ny Tid 1975 nr. 2, 22. august.

<sup>147</sup> Ny Tid 1976 nr. 30, 12. august.

<sup>148</sup> Rossavik 2011, s. 207.

<sup>149</sup> Ny Tid 1975 nr. 19, 19. desember.

kvardagsfjern snakkemåte - ein snakkemåte som av mange vart knytt til dei sjølve. Mange innlegg kan tolkast som at studentar og akademikarar kjente på eit ansvar for å unngå at slike oppfatningar fekk grobotn. Det var ein forståeleg reaksjon, da eit stort tilsig av studentar og intellektuelle var eit relativt nytt fenomen i den venstresosialistiske bevegelsen.

På denne bakgrunnen retta truleg også Rune Slagstad konkrete formaningar mot «andre» i SV. I eit intervju argumenterte han for kontinuerleg ideologisk debatt i samspel med kvardagsleg politisk praksis. Han var særleg opptatt av at skoloring i fagleg politikk var nødvendig, og oppmoda i så måte dei SV-arane som ikkje var «[...] fagorganiserte, men som ofte er preget av stor uvitenhet og arroganse på dette feltet» om å studere det fagpolitiske verket som Dagfinn Jacobsen hadde autorisert både forma og innhaldet i.<sup>150</sup> I likskap med Finn Gustavsen sine formaningar var ikkje Slagstads ytringar tydeleg adresserte, men det ligg nært å tolke utsegna som retta mot akademikarar, studentar og intellektuelle.

I eit intervju om behovet for ein slagkraftig, kvinneorganisasjon meinte Ågot Himle, kvinnepolitisk leiar i Hordaland SV, at SV-jentene var for akademiske og sjølvopptatte. Til skilnad frå Slagstad, som artikulerte sine kommentarar i kraft av å vere ideolog, var dette haldningar Himle tilskreiv eit tydeleg «vi». Dette understrekar det sjølvkritiske aspektet ved syna hennar. Slike negative haldningar sette ho vidare opp mot eit handlingsimperativ. Ho understreka kor viktig det var «[...] at vi gjer noko – same kva for ein organisasjon vi vel å jobba i». Til liks med Slagstad kan funksjonen til intervjuet dels tolkast som ein korreks av uønskte haldningar blant akademikarar i partiet. Det kan òg tolkast som ei oppmoding til aktiv handling som ein måte å dempe identitetspreget av å vere «andre». Å syne handling kunne ha vore ein måte å syne seg verdig det sosialistiske handlingsfellesskapet.

Himle hadde kanalisert kreftene inn i Norsk Kvinneforbund, der det fanst «[...] vaksne kvinner som har røynt i kvinnekamp og dei har vist at dei evnar å kjempe. Vi har såleis mykje å lære av dei».<sup>151</sup> Tenkemåten forstod politisk praksis som politisk handling eller aktivisme, som var klårt overordna teoretisk refleksjon. Handlinga vart framheva som eit mål i seg sjølv, og handlingane til dei røynde kvinnesakskjemparane var døme til etterfølging.

## **Oppsummering**

Det leiande teorisynet som kom til uttrykk i Ny Tid var at teorien måtte tene til ei politisk nytte. Teoriskepsisen vart ytra på bakgrunn av at teori vart sett på som eit mål i seg sjølv eller

---

<sup>150</sup> Ny Tid 1975 nr. 9, 10. oktober.

<sup>151</sup> Ibid.

som ein reaksjon på at teori ikkje var formidla i ein god stil og eit godt språk – det arbeidarnære språket.

Dette språksynet avdekte skeptiske haldningar til intellektuelle og akademikarar som «andre». Fleire av dei som søkte å tale på vegner av arbeidsfolk reagerte på undervisande og kvardagsfjerne snakkemåtar og haldningar hos intellektuelle og akademikarar. Når teorien vart formidla i slike sjargongar, vart han kritisert. Blant kritikarane kunne ei slik teoriformidling oppfattast som ei form for sjølvhevdning. Eit sentralt unnatak er det fagleg-strategiske verket som SO utarbeidde. Her var teorien formidla i ei form som ifølge Dagfinn Jacobsen var i tråd med språket til arbeidsfolk, og verket vart vist fram som eit døme på eit framifrå samarbeid mellom arbeidarar og intellektuelle. Det verkar som at mange meinte at ein forståeleg talemåte var tilstrekkeleg framferd i formidling av teori. Kva som konkret kjenneteikna det forståelege språket, vart likevel i liten grad presisert.

Intellektuelle, studentar og akademikarar var velkomne inn i handlingsfellesskapet i eit samarbeid med arbeidarar, som måtte gå føre seg på vilkåra til arbeidsfolk. Her måtte intellektuelle og akademikarar ta omsyn til dei særskilte erfaringane som vart tillagt arbeidarar av Finn Gustavsen og Dagfinn Jacobsen. For desse var dette vilkåret viktig for å utvikle ein teoretisk språkbruk som var god og praktisk. Ny Tid delte dette synet.

Ei sterkt arbeidarorienteringa var rådande i Ny Tid. Her var språket eit viktig emne. Leiarskapen kunne meine at talemåten i SV var eit politisk problem: God politikk måtte skildrast i ei god form. I leiarskapen var fleire aktørarar på leiting etter det arbeidarnære språket som hadde slått an etter EF-kampen, eit språk som vart oppfatta som klår og enkel tale. Leitinga kan tolkast som ei romantisk førestilling om arbeidarspråket, som arbeidsfolk òg truleg bidrog til. Leiarskapen sitt språksyn kan tyde på at dei hadde eit syn på arbeidsfolk som berarar av ei latent radikal haldning som SV måtte løyse ut.

Studentar, intellektuelle og akademikarar gav uttrykk for å vere dominerte av dei leiande tenkemåtane om desse emna. Fleire kritiserte si eiga gruppe. Det kan tolkast som forsøk på ei intern hegemoniutøving overfor sine «eigne». Somme var urolege for at «akademisk» sosialisme var ueigna til politisk utvikling, og at denne skada det politiske innhaldet i ideologien. Som vi har sett, vart sjølvkritikken innan desse gruppene også bruka til å dempe preget av akademikarar som «andre».

## 4. Handlingsfellesskapet

I dette kapittelet er handlingsfellesskapet, den breie alliansen SV meinte at arbeidarklassen måtte leie, sentralt. Eg undersøker korleis forholdet mellom arbeidarklassen og studentar, akademikarar og intellektuelle kom til uttrykk innanfor eit handlingsperspektiv. Sjølv om politiske handlingar som aksjonar og streikar aktualiserte dette forholdet, indikerer såleis «handlingsperspektiv» meir enn konkrete politiske handlingar. Perspektivet på slike handlingar, kva som vart vurdert som viktige vilkår for handlingar og positive og negative verknadar av dei, var òg noko som aktualiserte forholdet.

### Uro i SV sin faglege leiarskap

Den faglege leiarskapen i SV gav ofte uttrykk for at partiet skulle vere arbeidarklassen sitt parti. Bjørgulv Froyn tok over som fagleg leiar i SV i 1976. Froyn hadde bakgrunn frå ml-bevegelsen. I 1970 leidde han 1200 streikande transportarbeidarar under Sporveisstreiken i Oslo.<sup>152</sup> I ein reportasje frå SV sin faglege landskonferanse våren 1976 melde han at SV måtte prioritere å rekruttere medlemmar blant industriarbeidarane. Blant desse hadde ikkje partiet «[...] den oppslutning som det burde ha. Det vil ikke si at vi vender oss fra de intellektuelle yrker, men at partiet forener disse med arbeiderne». Froyn kan ha meint at SV hadde retta for mykje merksemd mot intellektuelle. Dei intellektuelle yrka, som han ikkje presiserte kva han meinte med, stod tydeleg på sida av arbeidarklassen, som for høvet var eksemplifisert ved den industriproletære kjernen sin. Dei intellektuelle var likevel ikkje tydelege «andre», snarare spelte dei ein underordna rolle i eit handlingsperspektiv. Som Froyn understreka, var det berre gjennom at arbeidarklassen medverka at eit sosialistisk samfunn kunne realiserast.<sup>153</sup>

Hausten 1976 adresserte han problemet på ny, men denne gongen var arbeidarar sett i eit motsetningsfullt forhold til nokon «andre». Dei politiske konsekvensane av ei uheldig classesamansetting vart sette fram i dagen:

*Det mest problematiske for SV i dag, er etter mitt syn partiets sosiale basis. SV har alt for lite innslag av arbeidsfolk, og for få folk med kjennskap til det som skjer på arbeidsplassen. Dette fører til at det lett blir konstruert idealistiske forestillinger om fagbevegelsens kampkraft.*

Froyn argumenterte for nær samheng mellom arbeid og politisk erkjenning. Vi minnest at SV understreka at erfaringane frå arbeidet hadde vore med på å gjere industriarbeidarane til

---

<sup>152</sup> Skjønberg 1990, s. 155.

<sup>153</sup> Ny Tid 1976 nr. 13, 2. april. Ein kan elles merke seg at også Froyn peikte på sjargongen i SV som ein viktig årsak til at partiet ikkje hadde den oppslutninga blant arbeidarar som det burde ha, ifølge han.

ein eksklusiv og strukturell kjerne innan den vidare relasjonelle arbeidarklassen. Froyns tenkemåte var basert på tradisjonell marxisme. Ifølge historikaren Stephen Hastings-King la den tidlege Karl Marx vekt på arbeidarane sine erfaringar frå produksjonen som grunnlag

[...] for an immanent critique of capitalism. This conception places workers inside and outside, both participants in and capable of making judgements about that system. Such a relation is the basis for the double consciousness that endows the workers with the possibility of mobilising as a class to become the agent of the supersession of capitalism.<sup>154</sup>

Froyn søkte å verne om Marx' syn på klasseposisjonen som eit vilkår for at arbeidarane kunne tre fram som ein handlande klasse. Han ville verne om klasseerfaringane til arbeidarane, og han ønskte både å framheve og styrke desse i SV. Froyn føresette at «*arbeidsfolk*» og andre med «*kjennskap*» til arbeidslivet stod i eit motsetningsforhold til nokon usagte «andre» som, sidan dei nettopp ikkje var «*arbeidsfolk*», mangla grunnlag for å trekke verkelegheitsnære slutningar om den politiske handlekrafta blant arbeidarklassen. Det var dei politiske konsekvensane av slike feilslutningar Froyn uroa seg over. Uroa lyt sjåast i lys av at han meinte at SV ikkje hadde markert seg som eit parti som fortente arbeidarklassen sin tillit, hovudsakleg på grunn av den indre strida som hadde ridd SV i skipingsprosessen. Ei idealisering av kjempande arbeidarar vart vurdert som ein tenkemåte som ikkje svarte til røynda. Slik tenking var snarare eksemplarisk for ml-bevegelsen, meinte Froyn, der den faglege linja var «*[...] eit resultat av idealistiske draumar om nivået i klassekampen*».<sup>155</sup>

Ove Larsen hadde vore fagleg leiar i SV fram til Froyn tok over i 1976, da Larsen vart fagleg sekretær i staden. Han hadde vore platearbeidar ved Nyland Verksted sidan 1954, og han hadde mange års røynsle som klubbformann ved Nyland og som styremedlem i Oslo Jern- og Metallarbeiderforbund.<sup>156</sup> I Ny Tid hadde Larsen ei fagleg spalte. Her gav også han uttrykk for ei viss uro knytt til arbeidarpartiet SV. Partiet sitt grunnspørsmål, meinte Larsen, var om SV hadde vorte eit arbeidarparti «*[...] ledet av og for de krav arbeiderklassen stiller til løsnings?*». Vidare mana han til mobilisering fram mot den føreståande faglege konferansen til partiet, ein konferanse som både skulle og måtte bli «*[...] en ny bekreftelse på at vår faglig/politiske linje slik den framsto i 1973 står fast, og at vi dermed blir det arbeiderparti som arbeiderklassen trenger*».

---

<sup>154</sup> Hastings-King 2015, s. 11.

<sup>155</sup> Ny Tid 1976 nr. 40, 22. oktober.

<sup>156</sup> Ny Tid 1975 nr. 2, 22. august.

Larsens tenkemåte var spunnen rundt to sentrale referansepunkt. Det første punktet var at SV sitt faglege arbeid vart målt på bakgrunn av Valforbundet sitt politiske tildriv etter EF-kampen. Dette var det ideelle omdreingspunktet for korleis arbeidarpartiet SV burde stå fram. Tenkemåten var, som vi såg i førre kapittel, ein han delte med fleire i partileiarskapen.

Det andre punktet synte seg ved at Larsen viste til ei fagleg læresetning frå Ragnar Kalheim. Læresetninga var at arbeidarane si verkelegheit var konkret og at dei målte politiske resultat på bakgrunn av konkrete endringar. Larsen opphøgde dette som allment gjeldande for SV si politiske verksemd, sjølv om han stadfesta at «[...] vårt teoretiske grunnlag må følges opp for ikke å komme på villspor og havne i en ren opportunisme».<sup>157</sup>

### **Ragnar Kalheim**

Kalheim døyde i 1974, under 50 år gamal. Opphøginga av Kalheims tese til å gjelde heile SV sitt politiske arbeid, vitnar likevel om at tankane hans hadde sterk innverknad i partiet. Kalheim hadde òg stått høgt i kurs hos mange av dei unge studentane og akademikarane i Valforbundet og SF, særleg blant dei intellektuelle som krinsa om tidsskriftet Kontrast og vart aktive i SO. Namnet hans gjekk att i Ny Tid. Avisa omtalte jamleg innsamlingsframdrifta til Ragnar Kalheims pressefond. Fondet skulle gjere Ny Tid mindre avhengig av den offentlege pressestønaden. Ifølge SV-leiaren Berge Furre var innsamlingsarbeidet ei hovudoppgåve for alle SV-medlemmar.<sup>158</sup>

Fleire historikarar har peikt på kor viktig Kalheim var for SV, sjølv om han døde før partiskippinga.<sup>159</sup> Nylandsarbeidaren Kalheim hadde fortid i NKP og vart med i Valforbundet gjennom den organiserte EF-motstanden i Ap. I 1973 vann han formannsvervet i avdeling 1 av Jern- og Metallarbeiderforbundet, som organiserte industriarbeidarar i Oslo-området. Med 10 000 medlemmar var avdelinga størst i forbundet, og alle medlemmane var kollektivt melde inn i Ap. Under Kalheim sa foreininga opp den kollektive medlemskapen. Under EF-kampen var han aktiv i FFU, det faglege utvalet til Folkebevegelsen mot norsk medlemskap i Fellesmarkedet. Det vart knytt band mellom FFU og Kontrast-miljøet under EF-kampen.

---

<sup>157</sup> Ny Tid 1976 nr. 44, 19. november.

<sup>158</sup> Ny Tid 1976 nr. 14, 9. april.

<sup>159</sup> Bergh 2009, s. 88, 104 har skildra Valforbundet sitt faglege arbeid som svært avhengig av Kalheims innsats og omdømme, og han har peikt på Kalheims tidlege død som ein viktig årsak til at SV ikkje greidde å reise ein skikkeleg kamp om hegemoniet i fagbevegelsen. Nyhamar 1990, s. 197, 199 meiner at Kalheim var så sentral i skipingsprosessen at han stiller spørsmålsteikn ved om Valforbundet – og dermed SV – ville ha oppstått utan han.

Historikaren Terje Halvorsen har skildra Kalheim som «[...] en typisk intellektuell proletar: belest, visjonær og vel skolert i marxistisk teori.»<sup>160</sup> Slik var Kalheim ein kombinasjon av både revolusjonær tenking og industriproletær klasseposisjon, og i forlenginga av denne skildringa viser Frank Rossavik til at Kalheim hadde sterke mellommenneskelege eigenskapar. Han sameinte klassebevisste arbeidarar og radikale intellektuelle. Ifølge Rossavik kunne denne

Alliansen mellom folk som Knut Kjeldstadli, Steinar Stjernø og Arne Nygårdsmoen på den ene siden og Ragnar Kalheim og hans folk i fagbevegelsen på den andre [...] ha preget SV i 70- og 80-årene. Men så døde Kalheim altså, og ingen med noe i nærheten av hans autoritet på arbeidsplassene og i politiske miljøer kunne fylle tomrommet.<sup>161</sup>

Det var altså eit tydeleg vakuum i SV etter Kalheims død. Ei side ved tomrommet var det fagleg-intellektuelle vakuumet på det organisatoriske planet, jf. Rossaviks merknadar om ein manglande sterk allianse mellom arbeidarar og intellektuelle i partiet. Det var sakt etter ein arbeidarleiar som kunne sameine arbeidarar og intellektuelle og utvise klår leiarskap på det fagleg-intellektuelle feltet.

Eit generelt trekk ved nyheitsproduksjonen i Ny Tid tyder på dette. Avisa gav mykje spalteplass til klassebevisste arbeidarar, ofte tillitsvalde i industrien, som uttalte seg skarpt om maktforhold i samfunnet. Dei prøvde ofte å klårlegge SV sin fagleg-politiske veg mellom Ap og ml-bevegelsen. Dette kan tolkast som eit forsøk på å skrive fram nye «kalheimar»: Teoretisk bevisste arbeidarar som hadde tillit frå arbeidsfolk og erfaring frå det produktive arbeidslivet. Denne kombinasjonen gav autoritet til å sette fram politiske ytringar.<sup>162</sup>

Kalheims synspunkt vart også haldne for å vere høgst relevante av dei som sysla med teoretisk utvikling i SV. I 1979 vart eit intervju som Kontrast hadde gjort med Kalheim nokre dagar før han døydde i 1974 gitt ut på ny. I intervjuet greidde han blant anna ut om synet sitt på forholdet mellom arbeidarar og intellektuelle. I det fagleg-strategiske arbeidet la han vekt på ei tolmodig aktivisering av arbeidsfolk på grunnplanet som ei dyd. Som ein kontrast til denne strategien viste Kalheim til tendensar på

*[...] ytterste venstre fløy der en avskriver hele fagbevegelsen. Der snakker en ikke bare om LO-toppen, men ser fagforeningsbyråkratiet gjemt i klubbformannen, og tror*

---

<sup>160</sup> Halvorsen 2009.

<sup>161</sup> Rossavik 2011, s. 206. Dette er skildring som Knut Kjeldstadli sjølv verkar å slutte seg til. Sjå Kjeldstadli 2016, s. 178-179.

<sup>162</sup> Roald Halvorsen, medlem i SV sitt faglege utval og tidlegare formann i Norsk Grafisk Forbund, kunne t.d. ta inn ein slik posisjon. Sjå t.d. Ny Tid 1977 nr. 16, 28. april.



*det bare er aksjoner som teller. Satt på spissen er dette en slags studentholdning på sitt verste: 'Jeg ser sannheten, hvorfor faen er det ingen andre som ser sannheten, noe må skje med en gang!'.<sup>163</sup>*

I likskap med fleire andre tilskreiv Kalheim negative «andre» haldningar til ein avgrensa, men likevel uklår studentposisjon. Det er nærliggande å tolke ytringa som retta mot AKP (m-l), og da som ein kritikk av den maoistiske handlingsideologien, som han meinte var ei utolmodig og arrogant avvikande haldning blant studentar. Elles var Kalheim positiv til den «[...] eksplosjon når det gjelder utviklingen av sosialistisk bevissthet blant de unge under utdanning. Bare for 15 år siden var det bare noen enslige svaler». <sup>164</sup> Han meinte også å kunne påvise ei positiv haldningsutvikling blant desse studentane. Dei la i aukande grad frå seg aristokratiske haldningar, som han meinte var synet på at teoretisk arbeid var reservert studentane sjølve.

Kalheim var imot ei arbeidsdeling der teoretikarane tok «[...] seg av revolusjonen, og så tar de andre seg da liksom av reformene». <sup>165</sup> I 1974 hevda han at stadig fleire studentar forsøkte å komme dei fagorganiserte i møte på ein positiv måte. Han skildra dette som ei positiv utvikling, vekk frå noko negativt, blant ei vidare gruppe enn ytste venstre. Slike skildringar opna dermed for at også SV-studentar kunne råkast av Kalheims kritikk av uheldige studenthaldningar. Han ønska eit framhald av den positive haldningsutviklinga. EF-kampen hadde vist kor nødvendige dei intellektuelle sine innsikter var, meinte Kalheim, ei nødvendighet han opphøgde til å gjelde historia til arbeidarbevegelsen: «Historisk sett er de fagorganiserte helt hjelpeløse uten de intellektuelle». <sup>166</sup>

Slik nytta Kalheim seg av både reprimande og ros overfor studentar. Desse delane av intervjuet kan tolkast som å ha hatt ein undervisande funksjon. Kalheim viste korleis sosialistiske studentar best kunne nyttiggjere seg sine viktige innsikter i handlingsfellesskapet. Avvikande «andre» haldningar, som han truleg ikkje forstod som eksemplariske berre for ml-bevegelsen, vart sette fram som irettesettande døme.

Det vesentlege er likevel at Kalheim ikkje forstod radikale intellektuelle og studentar som nokon «andre» på eit overordna nivå. Han la i staden vekt på at gruppa hadde ei avgjerande politisk rolle å spele i kraft av sine bidrag til teoretisk utvikling. Denne

---

<sup>163</sup> Sosialistisk Valgforbund 1979, s. 9.

<sup>164</sup> Ibid.

<sup>165</sup> Ibid., s. 5.

<sup>166</sup> Ibid., s. 10.

tenkemåten stod dels i motsetning til Bjørgulv Froyns ytringar. Froyn meinte at intellektuelle var klårt underordna arbeidarane. Kalheim såg ei positiv utvikling blant haldningane til sosialistiske studentar i 1974, medan Froyn uttrykte uro for at det var mange «andre» med idealistiske haldningar som kunne verke skadande for det faglege arbeidet til partiet i 1976. Som vi no skal sjå, var denne uroa overfor dei «andre» ei haldning som gjekk att i nyheitsproduksjonen i Ny Tid.

### **Nylandsarbeidarar og sosialistiske studentar**

Ny Tid forsøkte ofte å klårlegge forholdet mellom arbeidarar og studentar gjennom ein særskilt type intervju. Desse intervjuva var kjenneteikna av at avisa sette arbeidarar og studentar saman til samtale. Eit sentralt trekk ved intervjuva var at klassebevisste industriarbeidarar doserte tesar om korleis studentar burde innrette seg overfor arbeidarane. Autoriteten som gav arbeidarane moglegheit til å gjere dette, botna i definisjonsmakt som følgde med erfaringane frå arbeidarposisjonen, erfaringane som Froyn ville verne om i partiet.

Eit typisk døme på denne sjangeren vart trykt i Ny Tid hausten 1976. I intervjuet møttest to sosialistiske studentar og to arbeidarar frå Nyland Verksted i Oslo, Ragnar Kalheims tidlegare arbeidsplass. Kommentaran til formannen Gunnar Nilsen prega arbeidarsida i intervjuet. I statsvitaren Frank Rossaviks verk om SV peikte Nilsen på at Nyland var ein bastion for Valforbundet ved stortingsvalet i 1973.<sup>167</sup> Nyland-arbeidarane spegla tydeleg den rådande SV-oppfatninga av kvar kjerneproletariatet var å finne, og dei trødde fram som klare representantar for den tradisjonelle arbeidarklassen. Dei var verdiskapande industriarbeidarar tilsette ved ei industriverksemd som hadde produksjonskontinuitet frå 1800-talet og til 1976. Dette var bevisste og opplyste arbeidarar. Som Nilsen sjølv understreka, hadde dei «[...] mykje kunnskap sjølve og klubben her på Nyland har ei radikal historie».

Nilsen var skeptisk til studentkulturen. Han kunne ikkje tenke seg å tale i Det Norske Studentersamfund av di han ikkje ville tale ein stad «[...] der verdien av meiningane dine blir avgjort med piping og klapping frå salen». Vidare sette han fram ein sentral påstand på vegner av arbeidsfolk: Ifølge Nilsen var det ei utbreidd oppfatning blant desse at studentar var samfunnsnyltarar som fekk for mykje i statleg stønad. Han var likevel open for å ha kontakt med studentar, men da måtte det vere eit samarbeid som gjekk føre seg på arbeidarane sine

---

<sup>167</sup> Rossavik 2011, s. 442.

vilkår – ein tenkemåte han delte med mange. Han viste til at nylandsarbeidarane hadde gode erfaringar med at akademikarar stilte kunnskapane sine til rådvelde på kurs og seminar. Men sjølv da meinte Nilsen å kunne påvise ei særskilt studenthaldning som tilsa at arbeidarane var

*[...] ein kua masse med krøkt rygg og hovudet langt nede i kjeledressen. Studentane bør vite at det ikkje er slik den moderne kapitalismen er i Norge. Vi må klare å bli kvitt dette tøvet, denne svart-kvit-teikninga [...].*

Nilsen tok eit oppgjer med det han forstod som ei lite realitetsorientert haldning blant studentane. Nilsen heldt fram med å ytre seg på vegner av arbeidarar, som han meinte hadde ein velgrunna studentskepsis:

*Folk på arbeidsplassane er redde for at kontakten med studentgrupper skal bli utnytta. [...] Student-utspel overfor arbeidarar er svært ofte berre ein måte å styrke ei eller anna politisk gruppering eller sak i studentmiljøet på.*

Nilsens utsegner femna breitt og føydde seg såleis inn i eit sentralt mønster for korleis radikale studentar vart skildra. Radikale studentar vart skildra som ei einsarta gruppe. Nilsen skilte ikkje mellom ulik ideologisk tilhøyrse blant radikale studentar i sine skeptiske merknadar.

Vilkåra for samarbeid mellom arbeidarar og intellektuelle var derfor at arbeidarane verken skulle romantiserast eller stakkarsleggjerast: Studentane måtte møte med ei realitetsorientert haldning som svarte til røynda. Når det oppstod streikesituasjonar, måtte ikkje studentane tru «[...] at verdensrevolusjonen er like om hjørnet», meinte Nilsen. For Nilsen kunne altså studentar vere både kulturelle og ideologiske «andre».

Studentane Morten Jørgensen og Anne Kristiansen vedkjente seg at det var sterk tendens til å romantisere arbeidarklassen blant studentar, og dei orsaka seg over kor vanskeleg det var å nyansere dette uheldige synet på arbeidarklassen «[...] i visse studentmiljø». Kristiansen sette fram ei mekanisk forklåring på korfor mange studentar hadde det ho meinte var vrangførestillingar om arbeidarklassen. I forståinga hennar var dette feilslutningar som følgde posisjonar i klassesamfunnet. Dette var ein tenkemåte som var reduserande. Kristiansen meinte at oppfatningane av arbeidarklassen anten var ein konsekvens av klasseopphavet til studentar flest eller eit uttrykk for den særeigne studentposisjonen: «*Fleirtalet av studentane kjem frå overklasse, eller middelklassemiljø. Sjølve studentsituasjonen er kunstig, vi lever i ein getto. Vi går 6-7 år isolert frå produksjons- og arbeidslivet*». Underforstått var studentposisjonen noko som avgrensa studentane frå å kunne

tileigne seg dei same erfaringane som arbeidarar, ifølge Kristiansen. Ho tona såleis ned det store tilsiget av arbeidarungdom til høgare utdanning på 1970-talet.<sup>168</sup>

Verken Jørgensen eller Kristiansen argumenterte for at det fanst likskapar mellom arbeidar- og studentposisjonen. Handlingsfellesskapet mellom gruppene kunne derfor ikkje realiserast på strukturelle vilkår. Jørgensen meinte i staden at mange studentar ville hamne i «*overklassen*» etter fullført utdanning, at mange studentar ville komme «*[...] i stillingar som plasserer dei i motsetning til arbeidsfolks interesser*». Studentar burde tre inn i handlingsfellesskapet ved å engasjere seg i politiske organisasjonar, meinte han. Politisk handling vart forstått som å dempe dei strukturelle ulikskapane knytt til den radikale studenten som ein «*annan*». I organisasjonar kunne studentar verke positivt og bruke kunnskapane sine, og han la til at

*Vi bruker mye av vår tid til å studere marxisme på Universitetet, og her har vi noe å yte arbeidarklassen – ikkje som studentar, men som sosialistiske intellektuelle. Mange arbeidarar har ei manglande forståelse [sic] for dette.*

Studentane ville tene arbeidarklassen, men Jørgensen forsøkte å omgå sjølve studentomgrepet. Vart omgrepet følt som generelt tyngande? Ei slik tolking er støtta av at student- og akademikaromgrepet vart knytt til mange uønskte haldningar i Ny Tid. På den andre sida kan Jørgensens utsegner tolkast som at studentane sjølve såg studentposisjonen som utilstrekkeleg for å skape ein allianse med arbeidarane. Om studentidentiteten vart forstått som eit strukturelt problem, kan det ha bydd på meir grunnleggande identitetsvanskar for studentane ved at eit innsnevra sosialistisk handlingsrom var gitt av samfunnsposisjonen.

I eit handlingsperspektiv gav derfor studentane uttrykk for eit usikkert syn på seg sjølve. Dei hadde behov for å få klårlagt kva rolle dei hadde å spele innanfor handlingsfellesskapet, som arbeidarane sat med makt til å definere. Dette viser seg ved at studentane reiste grunnleggande spørsmål om kva som i det heile var solidaritet frå deira side. Maktforholdet syner seg òg ved at studentane ikkje opponerte mot vilkåra Nilsen sette fram, sjølv om båe to insisterte på at dei sat inne med viktig teoretisk kunnskap. Det var ein kunnskapstype som følgde samfunnsposisjonar, kunnskap «*[...] som vi har tid til å tileigne oss [...]*» i kraft av at dei var under høgare utdanning, som Kristiansen uttrykte det.

---

<sup>168</sup> Kristiansen si skildring av classesamansetninga blant studentar har likevel mykje ved seg, iallfall om ein nyttar ein laus klassedefinisjon med vekt på utdanningsbakgrunn til foreldre som variabel. Sosiologen Roar Hagen har argumentert for at den sosiale utjamninga innan høgare utdanning kulminerte rundt 1974, og at arbeidarungdom aldri utgjorde noko fleirtal blant studentane på 1970-talet. Sjå Hagen 1989, s. 60.

Arbeidarklassen trong denne kunnskapen, understreka ho. Men ho erkjente også ope at utfordringa knytt til dette var «[...] korleis studentar skal kunne gi kunnskapen sin vidare utan å verke belærande». <sup>169</sup>

Gunnar Nilsens tenkemåtar om studentar kunne somtid - men sjeldan - få avmælte reaksjonar. Bjørn Hofseth, lærar og studieleiar i Ringerike SV, tykte det var «[...] synd at noen forsøker å oppkonstruere en motsetning mellom arbeidere og folk med teoretisk utdanninge [...]». Han understreka at han kom frå arbeidarklassen og at utdanninga hans var irrelevant i forhold til den sosialistiske haldninga hans. Hofseth meinte at lærarar kunne gjere like godt arbeid i partiet som andre. Han gav uttrykk for at haldninga til akademikarar kunne verke framandgjerande: «Sånne spotane [sic] spark til lærere og sosionomer får meg nesten til å lure på om vår arbeidsinnsats i partiet er uønsket?». Trass i dette aksepterte han likevel premissen om at industriarbeidarane var dei einaste som kunne «[...] sette virkelig makt bak kravene [...] Det gale er vel ikke at vi har for mange lærere, men for få industriarbeidere». <sup>170</sup> Hofseths aksept av premissen viser kor sentralt synet på industriarbeidaren som den rettleiande arbeidaren var i SV.

### **Studentaksjonar og «ville» streikar**

Samtaleintervjua vart ikkje berre bruka til å klårgjere eit framtidig og ønskeleg forhold mellom arbeidarar og studentar, slik intensjonen attom den ovannemnte reportasjen kan tolkast som å ha vore. Samtaleintervjua vart òg bruka til å klårgjere kva som hadde hendt da studentane hadde gått til politisk handling. Da var funksjonen både å skape forståing for og å rette formaningar mot studenthandlingar. Hausten 1975 trykte Ny Tid eit samtaleintervju under overskrifta «Øldrikkende demonstranter – eller rettferdige krav?». Intervjuobjekta var Aril Nybakk og Pål Lynne Hansen. Sistnemnte var fellestillitsmann ved ei industriverksemd i Oslo. Studenten Nybakk hadde vore aktiv i ein husleigeaksjon ved Sogn Studentby i Oslo. Båe to var SV-arar.

Bakgrunnen for aksjonen var at dei statlege tilskotsordningane hadde minka kraftig dei siste åra, meinte Nybakk, som understreka den vanskelege økonomiske situasjonen studentane var i. Han meinte at ml-studentane var ansvarlege for aksjonen si uheldige utvikling frå betalingsstreik til okkupasjon av studentbyen. Nybakk orsaka seg over at dei hadde fått definere streikegrunnlaget og tatt leiarskap til aksjonen. SV sitt studentlag hadde opphavelig

---

<sup>169</sup> Ny Tid 1976 nr. 34, 10. september.

<sup>170</sup> Ny Tid 1977 nr. 10, 10. mars.

ikkje tatt avstand frå streiken av di dei ikkje ville splitte han, men dette endra seg da aksjonistane gjekk til husokkupasjon. På denne måten hadde aksjonen skapt unødige motsetningar mellom studentar og tilsette ved studentbyen, meinte Nybakk.

Nybakks nyanseringar fekk dels gjennomslag hos Lynne Hansen. På vegner av arbeidsfolk slo fellestillitsmannen Lynne Hansen fast at mange arbeidarar var misnøgde med husleigestreiken og okkupasjonen: «*Studenthetsen er utbredt, og reell, det må en bare se i øynene. Og ikke uten grunn. Denne gang har studentene – eller okkupantene – gått for langt*». Intervjuet bar preg av at journalisten klårla posisjonen som skilte studentar og arbeidarar gjennom spørsmålsformuleringar. Nybakks nyanseringar vart følgde av at Ny Tid stilte spørsmål om dette var grunngeving «*[...] god nok for en lønsmottaker?*». Artikuleringa av fellestillitsmannen som lønsmottakar stod i motsetning til korleis studenten vart adressert, som i staden stod fram som ein stønadsmottakar. Lynne Hansen uttrykte forståing for studentane sin kamp for betre kår, men han kommenterte òg at «*Studentene må lære seg til ikke å misbruke viktige kampmidler. Da opplever vi at folk sier: Nå begynner 'em igjen*». <sup>171</sup>

Lynne Hansen gav uttrykk for ei kritisk og distansert solidaritetshaldning til kampen studentane førte, og haldninga vart formidla i ein doserande og formyndarleg grunntone. Som mange andre sette også Lynne Hansen fram vilkår for studentane. For at studentane ikkje skulle vere handlingsmessige «andre», måtte dei vise taktisk klokskap. Kampen måtte først med rette middel. Tenkemåten kan forståast som eit spesielt uttrykk for eit generelt problem SV stod overfor, nemleg den maoistiske handlingsideologien. Lynne Hansens vilkår overfor studentane bar likskap til SV-leiaren Berge Furre foraninger til den tariffstridige, «ville» Linjegods-streiken i 1976. I likskap med Sogn-aksjonane var Linjegods-streiken aktivt støtta av ml-bevegelsen. <sup>172</sup>

Furre og Lynne Hansen stilte seg sympatiske til desse streikane som genuine og rettvisе arbeidar- og studentaksjonar. Medan Lynne Hansen var einig i at forverringa av økonomien til studentane gav grunnlag for aksjon, melde Furre at SV prinsipielt støtta

---

<sup>171</sup> Ny Tid 1975 nr. 3, 28. august.

<sup>172</sup> Kvalsvik 1998, s. 225 viser til at ml-arane var svært aktive i okkupasjonen av Sogn Studentby i Oslo. Når det gjeld Linjegods-streiken, er det lite som tyder på at han vart utløyyst av ml-bevegelsen. Fleire beretningar viser i staden til at ml-bevegelsen aktivt støtta streiken da han var utløyyst. Ifølge desse mobiliserte AKP (m-l) studentar og arbeidarar til blokade av godsarbeidarar som ikkje var i streik. I søga om Linjegods-streiken høyrer det òg med at politiet slo kraftig ned på han. Beretningane fortel om politivald og at fleire arbeidarar anten vart skadde eller arresterte. Sjå Steigan 1985, s. 122-123; Skjønsberg 1990, s. 157; Nyhamar 1990, s. 230.

arbeidskampar som Linjegods-streiken. Ifølge han støtta partiet «[...] at arbeidarklassen kan setja si rettskjensle over det staten bestemmer er rett».

Furre og Lynne Hansen hadde folket si mottakarbevisstheit i mente da dei kom med sine kommentarar til korleis Linjegodsstreiken og studentaksjonen hadde spelt seg ut. Ifølge Furre hadde Linjegods-streiken sløva streikevåpenet fordi «Folk vil vera meir mistenksame og nøla med støtte neste gong det kjem ein streikeaksjon. Det dårlege inntrykket vil smitta over på nye aksjonar». Den verkelege kampkrafta til fagbevegelsen vart slik berre svekt gjennom streikar lik Linjegods, heldt Furre fram: «Gjennom isolering av aksjonen får AKP reklame, medan LO-toppen får støtte for sin [sic] klassesamarbeidsline. Ingen andre enn høgrekreftene og AKP kan sjå seg tente med det».<sup>173</sup> På si side meinte Lynne Hansen at uklokskap i handling ville gi tildriv til ei negativ studentoppfatning som allereie fanst blant folk. Dette var ei uro Ny Tid utbroderte vinteren 1975. Under overskrifta «SV tek initiativ til ny husleigestreik» peikte redaksjonen på at

*Dette hovudlause m/l-framstøytet [okkupasjonen av Sogn Studentby] øydela all forståing blant vanlege folk for kva husleigeaksjonane verkeleg var, ja, for studentane sine tilhøve i det heile.*<sup>174</sup>

Slik var det politiske aspektet ei sentral side ved desse tilfella av handling frå studentar og arbeidarar. Haldningane til aksjonane avdekte det tronge rommet SV måtte meisle ut og manøvrere strategien sin i, ein strategi mellom sosialdemokratisme og maoistisk sekterisme. Den maoistiske handlingsideologien forstyrra SV sitt strategiske arbeid, og AKP (m-l) forsøkte å ta politisk eigarskap til kampar SV såg som progressive. Mange i SV reagerte på korleis aktivismen vart utført. Ml-framferda vart halden for å provosere folk flest og for å rive ned vilkåra for at arbeidarar eller «vanlege folk» skulle kunne erkjenne at handling og kamp nytta, erkjenningar som var nødvendige for at eit breitt handlingsfellesskap kunne oppstå.

I ein leiar vart ml-aktivismen i fagbevegelsen skildra som prega av «[...] fordekt opptreden, lureri, kartlegging og skjellsord [...]», ei tydeleg «annleis» framferd «[...] utan alminnelig folkeskikk». Manglande folkeskikk og aksjonseinskap var òg noko som kom frå makthavarane i fagbevegelsen, hevda leiaren. Skilnaden på AKP og dei såkalla høgresosialdemokratane i Ap- og LO-leiinga var ikkje «[...] at slike som Karlsen i NTL har mer folkeskikk. Forskjellen er at slike som Karlsen i NTL inntil vidare har flertall i

---

<sup>173</sup> Ny Tid 1976 nr. 19, 20. mai.

<sup>174</sup> Ny Tid 1975 nr. 17, 5. desember.

*fagbevegelsen*». Thorvald Karlsen var leiar i Norsk Tjenestemannslag, eit LO-forbund der både ml-bevegelsen og SV stod relativt sterkt.<sup>175</sup> SV sitt fagpolitiske alternativ til det leiaren forstod som desse ufolkelege framferdene var såleis «[...] *klassekamplinja – med bibehold av folkeskikk og alminnelig redelighet*».<sup>176</sup>

### **Dei fattigslege studentane**

Dei materielle kåra til studentane vart ofte skildra som fattigslege, og denne forteljinga vart artikulert av både Ny Tid og studentane sjølve. På eit overordna nivå kan dette tolkast som eit forsøk på å skrive fram forståing og sympati for studentane sin situasjon. Fattigskildringa kom klårast til uttrykk i ein reportasje frå Arbeidskontoret i Oslo, senteret for arbeidsformidling.

Avisa merka seg at «*Mange studenter går på arbeidskontoret for å få småjobber til å spe på studielånet med*». Køa utanfor kontoret var danna av

*Arbeidsfolk av forskjellig alder og i svært varierende forfatning. Røde alkoholneser, bleke fattigmannsfjes og hjemvendte hyreløse sjøfolk med tatoveringer på hendene. Studenter og skoleelever – noen iført boblejakke, fløyelsbukse og lakksko – de fleste andre i dongeri og nedslitte sko.*

Her var både velkledd studentar og studentar med klede som signaliserte tronge økonomiske kår. Trass i dette var dei alle tvungne til arbeidskontoret. Skildringa kan tolkast som å ha hatt ein avdekkande funksjon, og ho viste fram studenten bortom det som truleg var vurdert som ei gjengs oppfatning av han blant folk flest.

Avisa kommenterte vidare at «*De yngre tenker at det er jævlig å ta jobben fra gubben. Men solidaritet gir ikke jobb. Det er få jobber og mange å stå solidarisk med*», for

*Studielånet rekker nok ikke ut hele året – så her må det arbeides hvis ikke tiggerbrev skal sendes hjem. [...] å få arbeid i Oslo – det er ikke lett for studenter – elever og arbeidsfolk som ikke har mulighet eller anledning til å ta fast arbeid.*<sup>177</sup>

Studentane var stilte saman med fattige arbeidsfolk i ein innbyrdes og uverdigg kamp om arbeid for ein dag. Her hadde sjølv ikkje solidaritetsidealet, den tradisjonelle hovudverdien i arbeidarbevegelen, nokon plass. Her var inga samkjensle mellom likeverdige partnarar, ingen solidaritet som vart ført ned til svakare stilte.<sup>178</sup> Avisa skildra likevel ikkje dette fråværet av solidaritet i klandrande vendingar, men som ein konsekvens av økonomisk nødvendighet.

Den underforståtte forklaringa på uverdiggheita var å finne i særtrekka ved studentposisjonen.

---

<sup>175</sup> Messel 1997, s. 229-232.

<sup>176</sup> Ny Tid 1976 nr. 6, 12. februar.

<sup>177</sup> Ny Tid 1976 nr. 1, 8. januar.

<sup>178</sup> Kokkvoll 1981, s. 13.



Det var manglande høve til å ta seg fast arbeid, i kombinasjon med låge, statlege stønadsordningar, som hadde ført studentane inn i denne situasjonen.

Slike studentskildringar kan forståast som å ha fått paradoksale utslag. Det fremste dømet på paradokset blir synleg ved korleis dei såkalla herbergistane vart skildra, og særleg da desse gjekk til politisk handling. Herbergistane hadde organisert seg med krav om arbeid og fast husvære overfor myndigheitene. Ny Tid melde at det fanst over 3000 heimlause i Oslo, og at det var «[...] *mye moralisering som møter disse samfunnets stebarn*». Avisa slo fast at det var nødvendig at sosialistar unngjekk ei kvar form for moralisering. Den formanande haldninga som galdt studentaksjonane var såleis oppheva overfor herbergistane. Der avisa hadde stilt spørsmål om Sogn-aksjonen vart utført av øldrikkande demonstrantar, meinte Ny Tid at borgarskapet bruka «*Ord som alkoholisme og svak karakter [...]*» for å individualisere og framstille dei heimlause si stilling som sjølvforskyldt.<sup>179</sup>

Eit kritisk poeng er at kampen til studentane og herbergistane handla om det same: Retten til ein bra og rimeleg bustad. I prinsippprogrammet femna riktig nok SV sitt relasjonelle klasseomgrep om dei arbeidslause, som herbergistane var.<sup>180</sup> Det var likevel paradoksalt at avisa stadfesta at alle heimlause i Oslo kom frå arbeidarklassen, medan ein proletær klassebakgrunn sjeldan vart artikulert i redaksjonelle merknadar til studentaksjonar. Studentane vart haldne for å vere ein kategori for seg sjølve innanfor det sosialistiske handlingfellesskapet.

### **SV-studentane om seg sjølve**

Ny Tid søkte somtid å skildre studentane under fellesnemningar som «dei utdanningssøkande». Omgrepet dekte over skilnadar blant studentar. Ein slik skilnad var at ulike typar studentar stod for ulike haldningar overfor den tradisjonelle arbeidarklassen. I eit intervju sette yrkesskuleeleven Halvor Birkeland studentgruppa si inn i klåre lønsarbeidartermar. Birkeland meinte at fagarbeidarutdanninga var i ferd med å utvatnast på grunn av at utdanningspolitikken følgde kapitalen sin trong etter fleksibel arbeidskraft. Konsekvensen var meir allmennutdanning for fagarbeidarane, meinte han. Birkeland hevda dette var eit trugsmål mot arbeidarbevegelsen, sidan den solide og heilskaplege fagutdanninga

---

<sup>179</sup> Ny Tid 1975 nr. 7, 26. september.

<sup>180</sup> Sosialistisk Venstreparti 1977, s. 8.

hadde ført til at fagarbeidarane stod «[...] *atskillig sterkere overfor arbeidskjøperne enn ufaglærte og spesialarbeidere*». <sup>181</sup>

Resonnementet plasserte Birkelands studentgruppe i tydeleg relasjon til den organiserte arbeidarklassen, fagbevegelsen, eit fellesskap Birkeland såg seg sjølv som ein framtidig strukturell del av. Slik kunne han truleg ta seg fridomar til å kritisere arbeidarbevegelsen. Han sakna at bevegelsen var bevisst problema han peika på og etterlyste handling. Dette var ei krevjande haldning som sjeldan vart ytra frå studentar innan høgare akademisk utdanning, som i staden hadde ei tenande haldning til arbeidarklassen. Den krevjande haldninga var i tråd med konklusjonen frå eit utdanningspolitisk seminar som SV hadde arrangert i 1975. Birkelands syn var såleis eksemplarisk frå eit partiperspektiv. Eit utdrag frå seminarreferatet viste til at «*Fagrørsla må styrke innsatsen i utforminga i [sic] utdanningspolitikken til SV*». Om sjølvstyret til utdanningsinstitusjonane skulle fungere etter arbeidarklassen sine interesser, kravde dette eit «[...] *sterkare tilsig av fagorganisert innsikt i utdanningspolitiske spørsmål*». <sup>182</sup>

SV-studentane gav hausten 1975 ut eit eige hefte via SO. Heftet dreia seg om studentane si stilling i den norske kapitalismen. SV-studentane stadfesta at heftet var ein utdanningspolitisk og teoretisk plattform, ikkje eit arbeidsprogram. <sup>183</sup> Studentane slutta seg til Birkelands kritikk av utdanningspolitikken, som dei meinte var eit resultat av at staten ville «[...] *reducere kostnadene ved produksjonen av arbeidskraft*». <sup>184</sup> Studentane artikulerte seg sjølve som framtidig arbeidskraft og forfekta at mange studentar ville hamne i dei såkalla mellomlaga. <sup>185</sup>

I likskap med Anne Kristiansen og Morten Jørgensen gav SV-studentane uttrykk for ei viss usikkerheit rundt si eiga rolle i det sosialistiske handlingsfellesskapet. Dei gav uttrykk for at ei teoretisk uklårheit var ein viktig grunn til dette. Studentane vedgjekk at det var vanskeleg å lage ein handlingsretta klasseanalyse av seg sjølve sidan dei ikkje såg seg sjølve som ein

---

<sup>181</sup> Ny Tid 1976 nr. 34, 10. september.

<sup>182</sup> Ny Tid 1975 nr. 19, 19. desember.

<sup>183</sup> Sosialistisk Opplysningsforbund 1975, s. 8.

<sup>184</sup> Ibid., s. 15-16.

<sup>185</sup> I analysen var mellomlaga skildra som ei ueinsarta gruppe som stod på sida av dei tre hovudklassane; arbeidarklasse, småborgarskap og borgarskap. Mellomlaga utførte uproduktivt lønsarbeid, og lærarar og funksjonærar heldt til innan mellomlaga. Mellomlaga vart vurdert som eit raskt veksande sjikt i datidas Noreg. Grunnen til dette var at arbeidet dei utførte vart viktigare for kapitalen. I likskap med studentkategorien var også mellomlaga eit politisk vaklande sjikt utan potensiale til å vere ei sjølvstendig kraft i klassekampen, meinte SV-studentane. Ibid., s. 19-20.

einskapleg klasse. I staden var dei i ein overgangsposisjon, dei var ein mellombels sosial kategori som inneheldt element frå ulike klassar. Ein allmenn konsekvens av dette var at mange studentar ville «[...] *opptre politisk vakkende*», som det heitte.<sup>186</sup>

Den andre grunnen til den teoretiske uklårheita, meinte SV-studentane, var at det ikkje fanst ein god marxistisk analyse av den samtidige norske kapitalismen. Dette hang saman med at arbeidarklassen og følgeleg klassekampen stod svakt. Det fanst ikkje tilstrekkeleg med radikale erkjenningar mellom arbeidsfolk til at ein revolusjonær strategi kunne utviklast. Sidan arbeidarklassen - «[...] *den eneste revolusjonære klasse* [...]» - stod såpass svakt, hadde heller ikkje studentane sjølve «[...] *noe fast og sikkert utgangspunkt å stå på når de dagsaktuelle oppgavene [...] skal skisseres*».<sup>187</sup>

Ei usikker kjensle vart såleis uttrykt, og studentane såg seg sjølve som klårt underordna arbeidarane i handlingsfellesskapet. Svak kampkraft blant arbeidarklassen var utslagsgivande for ei manglande rettleiing til korleis studentane burde føre sin del av den sosialistiske kampen. Her var ikkje romantisering eller idealisering av arbeidarklassen, men studentane uttrykte eit visst hig etter å bli rettleia av han.

Det fanst ingen allianse mellom sosialistiske studentar og arbeidarklassen i 1975, stadfesta SV-studentane, som aksepterte at alliansen måtte reisast på arbeidarklassen sine vilkår. Kortsiktige einskapsaksjonar mellom arbeidarar og studentar vart vurdert som ein avgjerande føresetnad for at det kunne byggast «[...] *opp et tillits- og solidaritetsforhold mellom den sosialistiske delen av studentene og arbeiderklassen*».<sup>188</sup> Premissen var at tilliten og solidariteten mellom gruppene måtte reisast. Det tyder på at studentane såg på forholdet mellom gruppene som skjørt eller kjølig.

Formuleringa var òg representativ for eit viktig trekk ved analysen i heftet. Politiske haldningar i arbeidarklassen vart i liten grad problematiserte utover at SV-studentane konstaterte at arbeidarar i liten grad gav uttrykk for felles radikale erfaringar. Dette stod i motsetning til eit klårt omgrep om ideologisk orienterte studentar som skilt ut frå studentar generelt, jf. «*den sosialistiske delen av studentene*». Her var likskapstrekk til tendensen leiarskapen hadde til å sjå den radikale bevisstheita som ei latent kraft det arbeidarnære språket kunne løyse ut i ei slags politisk naturleg arbeidarhaldning. Tok SV-studentane

---

<sup>186</sup> Ibid., s. 20.

<sup>187</sup> Ibid., s. 24.

<sup>188</sup> Ibid., s. 25.

arbeidaren si radikale grunnhaldning for gitt, sjølv om dei viste til det var få samtidige radikale erkjenningar mellom arbeidsfolk?

Analysen slo vidare fast at studentane og arbeidarane sine kampar påverka kvarandre, men at kampen til arbeidarklassen var dominerande. Sosialistiske studentgrupper kunne verke støttande for arbeidarklassen sine kampar, men berre om studentane la frå seg alle

*[...] formynder- og dirigenthaldningar overfor arbeiderklassen. Slike sekteriske tendenser er et utslag av manglende politisk erfaring og marxistisk forankring blant de sosialistiske studenter, og i siste instans et uttrykk for studentenes posisjon som sosial kategori.<sup>189</sup>*

Analysen kunne redusere politiske og teoretiske feil til studentposisjonen, og han var ei stadfesting av ein tenkemåte som mange sosialistiske studentar hadde om seg sjølve. Desse såg ofte si eiga gruppe i usikre forteikn, særleg da det kom til kva rolle dei sjølv hadde i det sosialistiske handlingsfellesskapet.

### **Perspektiv på sjølvproletariseringa**

Filosofilæraren Hans Ebbing var ein av dei fremste ideologane i SV.<sup>190</sup> Han satt i prinsippprogramkomiteen under samlingskongressen i 1975 og vart sidan sentralstyremedlem i SV.<sup>191</sup> I eit intervju hausten 1975 stod han for ein tenkemåte som bar likskapstrekk med SV-studentane sin moglege tendens til å forstå ei radikal grunnhaldning som utgangspunktet for arbeidaren si politiske bevisstheit.

Konteksten for intervjuet var at ei rad sjølvproletariserte ml-arar hadde vorte suspenderte frå Jern- og Metallarbeiderforbundets avd. 5 i Bergen. På spørsmål om suspensjonane var eit resultat av reaksjonære tendensar blant arbeidsfolk, understreka Ebbing, som var sterkt kritisk til ml-bevegelsen, at arbeidarane ikkje hadde reagert politisk. Det var heller nærmast apolitiske, kulturelle reaksjonar på formidlinga av radikale politiske haldningar, nemleg «[...]AKP-ernes brautete og provokatoriske opptreden. Deres veltrente verbale uttrykksmåte og politiske oppførsel har vært arbeiderne overlegen, men samtidig også fremmed», meinte Ebbing. Den provokatoriske stilen til ml-arane gav politiske reaksjonar i form av høgretendensar i fagforbunda, heldt han fram.<sup>192</sup> Om Ebbing hadde forklart

---

<sup>189</sup> Ibid.

<sup>190</sup> Ebbing hadde bakgrunn frå dei såkalla sympatisørlaga av ml-bevegelsen før partiskippinga av AKP (m-l) fann stad i 1973. Frå og med våren 1972 førte Ebbings lag, som var knytt til universitetet i Bergen, fram ein råkande kritikk av det teoretiske og ideologiske grunnlaget til ml-bevegelsen. Dette enda med at mange i sympatisørlaget gjekk ut av ml-bevegelsen etter skipinga av AKP (m-l) vinteren 1973. Sjå Kolmannskog 2006, s. 55-64.

<sup>191</sup> Rossavik 2011, s. 272.

<sup>192</sup> Ny Tid 1975 nr. 10, 17. oktober.

reaksjonane som politiske, hadde han risikert å underminere SV si kamplinje i fagbevegelsen. Slik kan den maoistiske handlingsideologien ha fungert som eit av fleire initiativ til at det vart skapt førestillingar om den naturlege sosialistiske arbeidaren i SV. Ved å forklåre ml-framferda som ei kulturell «annleis» framferd, bidrog Ebbing såleis til å avgrense den politiske posisjonen til det folkelege arbeidarpartiet SV, ein posisjon mellom AKP (m-l) og Ap.

Det var ikkje spesielt at studentane reduserte feilaktige haldningar og handlingar til ein konsekvens av ikkje-proletære tenkemåtar. Som vi har sett, vart liknande syn klårtekstleg målbore av sentrale SV-arar som Finn Gustavsen. Andre aktørar, som Ny Tid og lokallag av partiet, gav også uttrykk for slike syn.

I Ny Tid sette Ebbing fram sine analysar av ml-bevegelsen ved fleire høve. Han var eit intervjuobjekt Ny Tid vende seg til når det var trong for ein grunnleggande kritikk av maoistane. Ebbing meinte at sjølvproletariseringa var eit uttrykk for at ml-arane stod på sida av arbeidarklassen og at mange av dei hadde klassekompleks:

*AKPs sosiale hovedbasis er, og har alltid vært, studentmiljøene, og partiets politikk har alltid hatt en viss tiltrekningskraft på forfattere og kunstnere. Når det ikke fins noen revolusjonær bevegelse i arbeiderklassen, kan et sekterisk parti bil [sic] en slags erstatning som gir deler av mellomlagene og småborgerskapet en forankring i det politiske liv – på vegne av arbeiderne. [...] beundringen for Partiet – uansett hvilke [sic] politikk det fører – er et uttrykk for disse gruppenes egen avmaktfølelse.*

Ebbings syn kan tolkast som ein reaksjon på handlingsideologien til AKP (m-l). Han forstod dette som ein idealistisk - og derfor umarxistisk - radikalisme som hadde vilkår i samfunnsposisjonar utanfor arbeidarklassen. Aktørar frå desse posisjonane forsøkte å omorganisere si eiga stilling innanfor det hierarkiske, sosialistiske handlingsfellesskapet. Ebbing kan oppfattast som å ha reagert på at dei forsøkte å erstatte den leiande aktøren i handlingsfellesskapet, arbeidarklassen, med seg sjølve.

Ifølge Ebbing var AKP (m-l) det fremste dømet på denne falske omorganiseringa, eit parti som han meinte tok opp i seg dei avmektige samfunnsposisjonane rundt arbeidarklassen. Som Berge Furre meinte Ebbing at dei politiske konsekvensane av denne idealistiske radikalismen fall saman med sosialdemokratane sine interesser. I så måte viste også han til Linjegods-streiken, der AKP (m-l) «[...] utkommanderte noen av sine studenter til streikevakter for arbeiderne – noe som bare isolerte de streikende fra andre transportarbeidere». Dette var eit av fleire døme på at ml-bevegelsen sine sekteriske

handlingar motverka at det kunne oppstå ein sjølvstendig radikal bevegelse i arbeidarklassen, hevda Ebbing.<sup>193</sup>

Reaksjonane på sjølvproletariseringa var også bakgrunnen for at Ny Tid vinteren 1977 melde at klubbstyret ved Tromsø Skipsverft hadde gjort vedtak om å suspendere tre ml-arar frå klubben. Ifølge avisa var vedtaket fatta av eit einstemmig klubbstyre og med fleirtal i bedriftsklubben. I ingressen gjorde avisa det klårt at SV-aren Asmund Hansen var klubleiaren ved verftet. Ny Tid trykte vidare ei fråsegn frå Tromsø SV. Her vart det hevda at dei suspenderte ml-arane hadde drive med personhets mot Hansen. Trass i dette meinte lokallaget at suspensjonane var problematiske: Slike vedtak gav presedens for å kvitte seg med brysame arbeidarar som var innstilte på fagleg kamp.<sup>194</sup> Dette tente berre arbeidskjøparane, meinte lokallaget. Tromsø SV hadde likevel eit nyansert syn på vedtaket, og argumenterte for at det måtte sjåast i lys av sjølvproletariseringa:

*Disse har [...] tatt med seg sine arbeidsmetoder fra studentverden og kjørt ut på arbeidsplassen med utskjelling av tillitsmenn (femtekolonnister, klasseforædere, qvislinger) [sic], intens påpraking av Klassekampen og lite kameratslig opptreden mot arbeidere med annen partitilhørighet enn AKP.*<sup>195</sup>

Studentmiljøet vart skilt ut som ei «anna» verd med eigne framandgjerande arbeidsmetodar. Metodane var ei belastning for arbeidsfolk, heldt Tromsø SV fram. Studentmetodane vart skildra som å stå i motsetning til den rådande stilen på arbeidsplassane. Kva Tromsø SV meinte karakteriserte denne stilen, kom ikkje tydeleg fram, men utskjelling og personhets var opplagte brot på den folkelege arbeidarstilen som vart halden for å vere så viktig blant mange SV-arar. I ein leiar til sjølvproletariseringa heitte det derfor at det ikkje var «[...] så lett når barna til borgerskapet skal ut i arbeidslivet».<sup>196</sup> Ytringa viste korleis Ny Tid forsøkte å skape skarpe motsetningar mellom det folkelege arbeidarpartiet SV og AKP (m-l), som vart forstått som eit falskt arbeidarparti som hadde sendt studentane sine ut i arbeidslivet.

---

<sup>193</sup> Ny Tid 1977 nr. 3, 20. januar. Norzink-streiken i Odda i 1976 var eit anna døme Ebbing viste til.

<sup>194</sup> SV tok generelt avstand frå LO og Ap sine forsøk på å feie ml-arane ut av verv i fagforbunda. Dette var også den rådande linja i Ny Tid, sjølv om enkelte uttrykte støtte til prosessen i form av lesarinnlegg.

<sup>195</sup> Ny Tid 1977 nr. 9, 3. mars.

<sup>196</sup> Ny Tid 1976 nr. 6, 12. februar.

## 5. Avslutning

Den tidlegare motdagisten Trygve Bull, som gjekk inn i SV gjennom EF-motstanden i Ap, skildra den politiske optimismen som rådde blant venstresosialistar i etterkant av EF-sigeren på følgande vis:

Alle som skal bedømme vår politiske historie i denne merkelige overgangstid, gjør rett i å minnes at vi da, nesten alle, befant oss i en slags 'revolusjonær' stemning, og måtte være forberedt på at ting kunne hende som ingen før ville trodd mulig. Selve folkeavstemningsresultatet var jo litt av et mirakel. Og som ved alle revolusjoner tror jeg det går an å si: Selv om vi nokså snart vendte tilbake til gamle forhold – *helt* [Bulls kursiv] som før vil tingene aldri bli igjen. Heldigvis!<sup>197</sup>

Stemninga og optimismen som Bull gav uttrykk for, var framleis til stades i Ny Tid mellom 1975-1977. Her var ei generell offensiv politisk haldning, ei reell tru på at SV kunne stangast med Ap om hegemoniet i arbeidarbevegelsen. Samtidig var det aukande urolege understraumar ved den offensive haldninga. Fleire faktorar råka stemningstildrivet etter EF-kampen og bidrog til ei tilbakevending til det Bull skildrar som «gamle forhold», ei nemning vi kan forstå som den vanskelege venstresosialistiske politiske kvardagen, ein krevande balansepong mellom sosialdemokratisk dominans og politisk ufruktbar sekterisme. Det dårlege lokalvalresultatet i 1975 og teoridebattane som spann seg ut i partiskipingsprosessen var hendingar som truleg hemma ein generell politiske optimisme i eit nyskipa SV. I ei gryande uro vart forholdet mellom arbeidarar og akademikarar, studentar og intellektuelle aktualisert.

### Hovudfunn

Kva er grunnlaget for å samanfatte analysen til slutningar? Undersøkinga har i hovudsak vore eit avisstudium av eit partiorgan. Vi veit lite om redaksjonen hadde ein overordna strategi i nyheitsproduksjonen av forholdet mellom arbeidarar og studentar, akademikarar og intellektuelle. Slutningane er derfor basert på det som står fram som hovudtrekka i meiningsproduksjonen på tvers av sjangrane i avisa og resten av kjeldene.

Nokre trekk står klåre for oss. Dei «andre» var hovudsakleg studentar med avvikande haldningar og handlingar. 'Akademikar' var ofte forstått synonymt med student. Det vart ofte 'intellektuell' også, men ikkje nødvendigvis. Intellektuelle kunne kritisere studentar for handlingane og haldningane deira. Dei avvikande «andre» vart definerte i forhold til eit klårt,

---

<sup>197</sup> Bull 1983, s. 184.

men likevel omskifteleg omgrep som veksla mellom å vere industriarbeidarar, arbeidarar, arbeidsfolk og somtid berre «folket».

Ein sentral politisk premiss for korleis forholdet mellom gruppene kom til uttrykk, verkar derfor å ha vore EF-kampen. At «arbeidsfolket» med den industriproletære kjernen sin gav høg tilslutnad til Valforbundet, skapte førestillingar blant mange SV-aktørar om at partiet var eit folkeleg og radikalt arbeidarparti. For mange aktørar, særleg blant leiarskapen, var dette det sentrale referansepunktet for kva SV skulle og måtte vere. Det var derfor viktig at studentar, akademikarar og intellektuelle hadde «arbeidsfolkeleg» språk og stil. Dei måtte ikkje stå for «andre» handlingar og haldningar som stod i motsetning til eit sentralt politisk prosjekt i SV, nemleg å sameine dei sprikande erfaringane mellom den relasjonelle arbeidarklassen som eit ledd i å utfordre Ap sitt hegemoni i fagbevegelsen. På denne politiske bakgrunnen fanst det ein merkbar skepsis, men ingen tydeleg anti-intellektualisme eller studenthets artikulert av SV-arar i Ny Tid.

For det andre er eit sentralt funn at ei vilkårstenking gjennomsyra spørsmålet om handlingar og haldningar blant intellektuelle, studentar og akademikarar. Vilkårstenkinga tykkjast å ha hatt to grunnleggande uttrykk.

På den eine sida forsøkte fleire sentrale aktørar å vise leiarskap overfor studentar, intellektuelle og akademikarar ved å skape samtykke om kva som var nyttig framferd blant dei. Dette nytteperspektivet vart særleg aktualisert i emne som handla om språk og formidling av teori. Ei gjengs oppfatning var at teorien måtte formidlast i eit klårt og arbeidarnært språk. Da tente den ei politisk nytte, men det var sjeldan gjort tydeleg korleis gruppene konkret skulle gå fram for å gjere nytte for seg. Det kan tyde på at det var vanskeleg å skape samtykke om dette i det nyskipa partiet. Fråværet av Ragnar Kalheim, den intellektuelle arbeidaren som sameinte arbeidsfolk og akademikarar i den venstresosialistiske bevegelsen, bidrog nok til dette.

Eit sentralt unnatak var i så måte det fagleg-politiske verket frå Sosialistisk Opplysningsforbund, som mange - arbeidarar så vel som intellektuelle - meinte var eit eksemplarisk resultat av eit samarbeid mellom arbeidarar og akademikarar. Om gruppene bidrog til slike resultat, der teorien kunne knytast til politisk arbeid og arbeidarerfaringar, var dei ikkje «andre». Da var dei snarare sentrale aktørar som bidrog til å bryte opp det sosialdemokratisk hegemoniet og myndiggjere arbeidarklassen som ei sjølvstendig politisk



kraft. Da tok dei det faglege arbeidet «*Et stort skritt framover*», som Dagfinn Jacobsen, kommunisten og fellestillitsmannen ved Jernverket i Mo i Rana, uttrykte det.<sup>198</sup>

På den andre sida, og i mangel på klare døme på kva som var god framferd, tok vilkårstenkinga oftast utgangspunkt i kva som var uønskt praksis. Vi kan forstå dette som ein måte å utøve dominans på. Undervisande, uforståeleg og kvardagsfjern bruk eller formidling av teori var uønskt. Det fanst i staden oppfatningar av at intellektuelle og akademikarar bruka eit teoretisk språk til prangande og sjølvhevdande formål. Reaksjonar på slik framferd, som vi kan forstå som både kulturelle og politiske, vart ikkje berre forstått som politisk unyttig, men også som politisk hemmande overfor SV-prosjektet. I baa høve vart framferda ofte vurdert som eit resultat av ein akademisk «annan» tenke- eller veremåte.

Vidare var idealisering av arbeidarklassen, forstått som ei sterkt overdriven vurdering av kampviljen mellom arbeidarar, uønskt. Uønskt var òg ei stakkarsleggjering av arbeidarar, forstått som ei førestilling om at arbeidsfolk levde i kummerlege forhold under sterkt undertrykkande strukturar. Dette var «andre» førestillingar, og dei stod i kontrast til kravet om eit realitetsorientert syn på arbeidslivet og arbeidarklassen.

Dei «andre» vart ofte skilt ut i subjeksposisjonar som var tydelege og subtile samtidig. «Studenten» var eit typisk slik kollektivsubjekt, ei nemning som det kan verke som at mange forstod som jamførbar til ei ideologisk og politisk «annleisheit» i seg sjølv. I det folkelege arbeidarpartiet SV gav det makt å kunne argumentere med hald i arbeidarklassen sine tenke- og veremåtar, og fleire, særleg arbeidarar eller aktørar som stødde seg på ei arbeidartilknytning eller ein kjennskap til arbeidarhaldningar, skildra mellom anna studenten som ein slik «annan».

MI-bevegelsen var eit studentfenomen, og fleire sentrale aktørar i SV skildra han òg som det i negative og elles politisk øydeleggande og ikkje-proletære, somtid klasseantagonistiske termar. SV oppfatta maoistane som eksemplariske for kulturell, politisk og ideologisk «annleisheit» på venstresida, og sjølvproletariseringa var det fremste uttrykket for dette. Artikuleringa av dei «andre» som kollektivsubjekt kan forståast på denne bakgrunnen. Dette trekket ved kjeldene kan ha vore eit forsøk på å utøve ein ekstra sterk leiarskap overfor studentar, intellektuelle og akademikarar i SV. Det kan lesast som eit forsøk på eit identitetspress. Skapinga av ein felles «annleis» identitet hos til studentar og

---

<sup>198</sup> Ny Tid 1975 nr. 4, 5. september.

akademikarar på venstresida tydeleggjorde nettopp at desse måtte te seg og akseptere vilkåra som vart sette fram for dei for å ikkje vere «andre» i SV. Da var i så fall dette eit leiarskap som dels vart drive fram av motstanden mot den maoistiske handlingsideologien i perioden.

Mellom studentar, intellektuelle og akademikarar var det få motrøyster til korleis dei vart skildra. Motrøystene som fanst bar preg av dei leiande tenkemåtane om forholdet mellom gruppene i SV. I tilløpa til kritiske syn på dei leiande tenkemåtane om studentar, akademikarar og intellektuelle si rolle i SV, trekte motrøystene vekslar på dei leiande tenkemåtane i argumentasjonen sin. Viktigheita av teori vart forsøkt knytt til det kvardagsnære. Læraren Bjørn Hofseth, som tok avstand frå det han meinte var forsøk på å konstruere motsetningar mellom høgare utdanna og arbeidarar i SV, viste til arbeidarklassebakgrunnen sin samtidig som han uttrykte at det var for få industriarbeidarar i SV.

Mange studentar, akademikarar og intellektuelle slutta seg til tenkemåtane om si eiga gruppe som nokon «andre». Når dette vart gjort, vart tenkemåtane dels sette fram som sjølvkritiske vedkjenningar, dels som formanande kritikkar av avvikande veremåtar innan gruppene. Slike kritikkar kunne sette opp motsetningar mellom aktiv politisk handling og ein akademisk veremåte. Gjekk det føre seg noko vi kan forstå som ei intern hegemoniutøving i desse gruppene? Da var i så fall dei «andre» nokon som studentar, intellektuelle og akademikarar sjølv var med på å skape innanfor den leiande tenkemåten. Ei tolking kan da vere at kritikarane ikkje såg seg sjølve som «andre». I staden tok dei inn det eg vil kalle ein posisjon som haldnings- og handlingsmessige portvaktarar overfor «andre» i den venstresosialistiske bevegelsen.

Fleire studentar kan tolkast som å ha sett seg sjølve i uklåre forteikn når det kom til rolla si i det sosialistiske handlingsfellesskapet. Ifølge analysen til SV-studentane sjølve var ein viktig årsak til dette at arbeidarklassen stod svakt. Tilliten mellom studentar og arbeidarar vart også skildra som låg.

Eit viktig funn er at ei strukturell klassetenking stod særleg sterkt mellom fleire studentar. Studenten var ein samtidig politisk vaklar og mest truleg ein framtidig ein òg, hevda dei. Studentposisjonen var sett på som isolert, og han vart av fleire vurdert som å avgrense studentane frå å forstå det verkelege arbeidslivet. Slik vart posisjonen vurdert som å gi grobotn for idealiserande førestillingar om arbeidarklassen, tenkemåtar som ingen ønskte

seg i SV. Analysen av dei sjølve var såleis kanskje ein like viktig årsak til eit uklårt politisk sjølvbilde som tesen om at arbeidarklassen stod svakt politisk. Studentposisjonen vart forstått som politisk reduserande, sjølv om han likevel opna for kunnskap – kunnskap studentane innan høgare utdanning ville bruke til å tene arbeidarklassen sine objektive interesser.

Eit lesarinnlegg skrive av Lise Langåker var det mest eksemplariske uttrykket for tenkemåtene blant venstresosialistiske studentar. Innlegget var titulert «*Student som skjellsord*», ein tittel som sikta til generelle studentskildringar i samfunnet og ikkje til meiningsproduksjonen i Ny Tid spesielt. Langåker hadde underskrive som student, aktiv i kvinnerørsla og populist. Ho gav såleis uttrykk for eit identitetsmangfald. Det kan tolkast som at ho hadde ein viktig bodskap ho ville spreie ut til mange fellesskap, men det kan òg tyde på at intensjonen var å vise at studenten var meir enn berre student og dermed i mindre grad ein potensiell «annan».

I innlegget stod Langåker fram som ei lågmælt motrøyst til dei leiande tenkemåtene i SV. Ho forsøkte å nyansere studentomgrepet, og viste til at studentar generelt var ei klassemessig ueinsarta gruppe, som dei også var. Storparten skulle snart ut i ulike klasseposisjonar i yrkeslivet. Men i omtalen av sosialistiske studentar spesielt skildra ho ein programmatisk og trong veg for at denne gruppa ikkje skulle fortape seg i det som kan tolkast som eit hyklarskap. Hyklarskapet bestod i motsetninga mellom politisk handling og radikal talemåte. Den radikale talemåten var ein faktor som fleire utanfor studentposisjonen meinte gjorde studentar til nokon «andre».

Sosialistiske studentar måtte avsløre korleis det sosialdemokratiske utdanningssystemet fungerte som ein ideologisk reiskap for borgarskapet, meinte Langåker: «*Berre slik kan vi unngå å kome ut i yrkeslivet og fungere der på borgarskapets premisser – medan vi preikar sosialisme i ord*». Handlingsrommet vart forstått som å vere vesentleg snevra inn til å arbeide politisk innanfor studentposisjonen. Konsekvensen av feilslått handling var også stor - det kunne styrke herskarklassen.

Ifølge Langåker var det avgjerande at studentane greidde å bygge ein allianse med arbeidarbevegelsen for at faga kunne tømast for borgarleg ideologi og fyllast med kunnskap som tente interessene til arbeidsfolk. Problemet var at Langåker meinte at maoistisk handlingsideologi, eksemplifisert ved at ho viste til okkupasjonen av Sogn studentby, reiv ned

vilkåra for ei utvikling av ein slik allianse.<sup>199</sup> Her sikta nok Langåker til arbeidsfolk si politiske mottakarbevisstheit: Tilliten mellom SV-studentane og arbeidsfolk vart råka av at ml-studentane si framferd skapte studenthets mellom arbeidsfolk i samfunnet.

Såleis bidrog nok ml-bevegelsen vesentleg til den politiske usikkerheita som fleire venstresosialistiske studentar gav uttrykk for. Ml-arane var eit uromoment for SV. Dei krasse skildringane av ml-bevegelsen i *Ny Tid* og dei negative syna på studentar som fleire arbeidarar gav uttrykk for at fanst, kan såleis ha verka saman som eit tildriv til eit noko usikkert politisk sjølvsyn hos venstresosialistiske studentar. Dei kunne ikkje tene arbeidarklassen ved å te seg som ml-arane, som var «annleis». Samtidig var normene for kva som var ønskt framferd ofte uklære i SV, iallfall slik dei kom til uttrykk i *Ny Tid*.

### **Fleirtydige tolkingar**

På denne måten står EF-kampen og ml-bevegelsen fram som viktige politiske faktorar for korleis studenten vart forstått og identiteten hans skapt i SV. Det var likevel andre sider ved dette.

Det fanst tendensar til ein arbeidarromantikk i SV. Somtid var det ein tendens til å førestille seg arbeidaren som ein berar av naturlege sosialistiske haldningar mellom fleire typar aktørar, men særleg blant leiarskapen i SV. Denne tendensen fekk eit tydeleg utslag i leitinga etter det arbeidsfolkelege språket. Resultata av EF-kampen og stortingsvalet i 1973 var nok viktige grunnar til dette. Men vi kan òg forstå arbeidarromantikken som ein reaksjon på eit i kvantitative proporsjonar historisk nytt tilsig av studentar, intellektuelle og akademikarar til den venstresosialistiske bevegelsen. Dels var dette ein paradoksar reaksjon. Vi veit at fleire studentar enn nokon gong kom frå arbeidsfolkelege miljø på 1970-talet. Tok desse med seg ei arbeidarromantisk haldning?

Dette talar for at leitinga etter det arbeidarnære språket ikkje berre var eit politisk uttrykk for ønsket om å halde tildrivet frå EF-kampen og Valforbundet ved like. Kanskje var det òg eit uttrykk for eit kulturelt identitetsvern, eit vern av ein kjent og føreseieleg kontinuitet i den venstresosialistiske bevegelsen, som også var politisk nødvendig for å utøve leiarskap om hegemoniet i arbeidarbevegelsen. Leitinga etter det arbeidsfolkelege kan såleis ha vorte forsterka av at SV si rekruttering truleg var meir prega av akademikarar og studentar enn Ap si. Som det heiter i ei beretning frå ein SV-student på midten av 1970-talet, fanst dei

---

<sup>199</sup> *Ny Tid* 1975 nr. 6, 18. september.

sosialdemokratiske studentane berre på sosialøkonomisk institutt.<sup>200</sup> Undersøkingar av korleis studentar ved fire fakultet på Universitetet i Oslo stemte ved stortingsvalet i 1973, viser òg at Ap var klårt underrepresentert i forhold til Valforbundet.<sup>201</sup>

Eit anna element ved skepsisen, som sjeldan vart tydeleg tematisert, kan ha vore eit kulturelt syn på tradisjonelt kroppsarbeid som det rettelege arbeidet. Akademikarskepsisen kunne også ha hatt grunnlag i ei framandgjerding der den tradisjonelle arbeidarklassen kravde respekt av di arbeidet deira var følt som meir retteleg enn akademikarane sitt.

Ny Tid kan vanskeleg skiljast frå SV sitt politiske prosjekt, og den fellesskapsdannande funksjonen til avisa aktualiserte problemstillinga på ulikt vis, som Tjelmeland også peiker på at aviser ofte gjer.<sup>202</sup> Funksjonen kom tydelegast til uttrykk i samtaleintervjua, som kan tolkast som forsøk på å klårlegge forholdet mellom arbeidar og studentar, og da ved å vise til at studentane var klårt underordna arbeidarane - dei måtte tre inn i det sosialistiske handlingsfellesskapet på vilkår.

Reportasjar framstilte gjerne studentane ulikt den resterande meiningsproduksjonen. Det kan tolkast som eit forsøk på å skape forståing for kven denne relativt nye og talrike gruppa var og korleis dei hadde det. Da var kanskje intensjonen å ivareta desse innan handlingsfellesskapet, ein intensjon som vi kan forstå på bakgrunn av den utbreidde studenthetsen som fleire førstehandskjelder gav uttrykk for at fanst. Krasse kommentarar til studentar, intellektuelle og akademikarar som «andre» kom oftast til uttrykk i lesarinnlegg og vanlege intervju, sjølv om redaksjonen også kunne artikulere slike syn. Meiningsproduksjonen i Ny Tid var altså ofte fleirtydig i eit sjangerperspektiv.

## **Historiske linjer**

Skepsisen overfor intellektuelle, akademikarar og studentar som nokon «andre» ber likskapstrekk til historikaren Maren Hegnas funn i undersøkinga av forholdet mellom intellektuelle og leiarskapen i Arbeidarpartiet i mellomkrigstida, og da med særleg vekt på akademikarane i organisasjonen Mot Dag. Det som fanst av skepsis mot intellektuelle, hevdar Hegna, botna i ei uro for at desse kunne råke Ap sin karakter av å vere eit masseparti.<sup>203</sup> SV tok òg mål av seg til å vere eit masseparti for arbeidsfolk. Den kulturelle og ideologiske

---

<sup>200</sup> Johannesen 1996, s. 66.

<sup>201</sup> Fjørland og Korsvik 2008, s. 232.

<sup>202</sup> Tjelmeland 2004.

<sup>203</sup> Hegna 2000, s. 210.

skepsisen som Hegna påpeikar fanst overfor motdagistane i Arbeidarpartiet, fanst òg overfor studentar, akademikarar og intellektuelle i SV. Omvendt kan vi forstå aksepten av studentar, intellektuelle og akademikarar i SV som ei linje tilbake til tenkemåtane om intellektuelle i Arbeidarpartiet i mellomkrigstida. Som i Arbeidarpartiet var dei gode intellektuelle i SV tenande aktørar som truleg såg sine egne interesser som underordna partiet sine leiande tenkemåtar om forholdet mellom arbeidarklassen og SV.

Vidare kan vi dels forstå nytteperspektivet på teori i SV som ei forlenging av eit rådande teorisyn i norsk arbeidarbevegelse. Historikaren Arne Kokkvoll har peikt på at den politiske tenkinga i norsk arbeidarbevegelse har vore prega av ein handlingsfilosofi. Omgrepet brukar han om eit teorisyn prega av «[...] en tenking tilstrekkelig for å gi politiske handlinger, avgjørelser, vedtak, ei fornuftig mening utover det enkelte fenomen».<sup>204</sup>

No var det likevel ei vektlegging på omfattande marxistisk skolering i SV, eit prosjekt som vanskeleg kan foreinast med Kokkvolls tilvising til påstanden om at det har vore ei «[...] begrenset interesse i norsk arbeidarbevegelse for de store teoretiske byggverk innafor sosialistisk tenking».<sup>205</sup> Her var eit brot – eller kanskje ei revitalisering av slumrande tradisjonar på venstresida i arbeidarbevegelsen.<sup>206</sup> Det fanst altså to teorisyn i SV, som ikkje nødvendigvis var gjensidig utelukkande. Mange meinte at dei kunne sameinast, sjølv om forholdet mellom arbeidarar og akademikarar, studentar og intellektuelle var aktualisert i møtet mellom teorisyna.

## **40 år seinare**

Skiljet mellom folket og eliten er eit gjengs tema i moderne historie, og det var det også på 1970-talet. EF-kampen skapte og avdekte eit stort skilje mellom folket og den politiske eliten.<sup>207</sup> Skiljet var ein viktig føresetnad for at SV vart skipa. Det fanst også oppfatningar av eit liknande internt skilje i det nye venstresosialistiske partiet dei første åra. Eit breitt spekter av aktørar reagerte somtid på det dei kanskje forstod som ei elitistisk framferd mellom studentar, akademikarar og intellektuelle. Og bakgrunnen for desse reaksjonane var ofte omsynet til arbeidsfolk som politiske subjekt.

---

<sup>204</sup> Kokkvoll 1981, s. 216.

<sup>205</sup> Ibid.

<sup>206</sup> Går vi 30 år tilbake i tid frå SV si skiping, finn vi at NKP dreiv eit særskilt aktivt studiearbeid ved slutten av andre verdskrigen. I april 1945 fanst det over 260 NKP-grupper i Oslo og Akershus som mellom anna dreiv studiar av marxisme-leninisme. Sjå Halvorsen 2010, s. 134.

<sup>207</sup> Valen 1992, s. 12.

Innleiingsvis viste eg til at forfattaren Kjartan Fløgstads påstand om at liberale meiningsdannarar søker å demonisere arbeidarklassen gjennom offentleg kulturkamp. Ifølge Andreas Halse, tidlegare leiar i Sosialistisk Ungdom (SV sin ungdomsorganisasjon), er liknande tendensar gjeldande på venstresida i politikken. I mars 2017 skreiv han eit lesarinnlegg i Aftenposten der han uttrykte at store delar av venstresida, som han i høg grad meinte bestod av menneske med høgare utdanning, ganske enkelt ikkje likar arbeidarklassen. Halse meinte at mange på venstresida rakkar ned på kulturelle haldningar i arbeidarklassen, og at dei nedprioriterer politisk kamp for verdiar arbeidarklassen deler: «På den ellers så korrekte venstresiden er det påfallende hvor ustraffet man slipper unna med fornærmelser eller latterliggjøring av klassebakgrunnen til mennesker man ikke liker», hevda han.<sup>208</sup>

Skal vi tru Halse, er det interne venstresideskiljet mellom arbeidarar og akademikarar derfor snudd på hovudet i forhold til korleis dette kan tolkast som å ha komme til uttrykk for 40 år sidan. Da har i så fall arbeidarklassen mista den kulturelle og politiske prestisjen som han hadde i SV på 1970-talet, ei utvikling som Kjartan Fløgstad har tatt opp i eit breiare samfunnsperspektiv.<sup>209</sup>

Påstandane til Halse kan diskuteras. Kven meiner han at arbeidarklassen er i 2017? Den politiske talemåten på venstresida – og kanskje dei politiske prioriteringane også – har likevel endra seg svært mykje sidan 1970-talet. Det ville ha vore interessant å følgd den vidare utviklinga av tenkemåtane om arbeidarar og akademikarar i SV, og da også med interne skriftlege kjelder og munnlege kjelder. Når, korleis og korfor oppstod endringane?

---

<sup>208</sup> Halse 2017.

<sup>209</sup> Fløgstad 2016.





## 6. Kjelder og litteratur

### Kjelder

Klassekampen 1975-1977

Ny Tid 1975-1977

Sosialistisk Opplysningsforbund. 1975. *Studentene i det kapitalistiske samfunnet*. Oslo

Sosialistisk Valgforbund. 1979. *Ragnar Kalheim om faglig-politisk kamp*. Oslo<sup>210</sup>

Sosialistisk Venstreparti. 1977. *Dette er et særtrykk av det prinsippprogram som ble vedtatt på landsmøtet i 1977*. Oslo

---

<sup>210</sup> Det er uklårheit rundt sider ved denne kjelda. Dokumentet er opphavelig eit intervju som tidsskriftet Kontrast utførte med Ragnar Kalheim i 1974. I 1979 vart dette intervjuet truleg gitt ut på ny, men ikkje i regi av Kontrast. Eg har hatt tilgang på ein kopi av nytgivinga av di biblioteket ved NTNU hadde sendt dokumentet til fjernlån. I kopien går det ikkje fram når dokumentet er utgitt og kven som er utgivaren. Opplysingane ovanfor baserer seg derfor på NTNU Universitetsbiblioteket sine eigne registreringar om dokumentet slik dei går fram ved eit Internett-søk i [www.oria.no](http://www.oria.no) 3. mai 2017. Det er grunn til å stille spørsmål ved om dokumentet er gitt ut av Sosialistisk Valgforbund slik NTNU har ført det opp. Valforbundet var nedlagt i 1979, og her dreier det seg kanskje om ei forveksling med Sosialistisk Opplysningsforbund. På den andre sida er det ei nyskrive innleiing av Roald Halvorsen, som var dagleg leiar i Valforbundet i 1974, i intervjuet. Her omtalar han Valforbundet som ein samtidig organisasjon. Det talar for at intervjuet vart gitt ut på ny av Valforbundet i 1974 eller 1975, og ikkje i 1979. Ei tredje forklaring kan vere at SO gav ut Valforbundet si utgiving frå 1974 på nytt i 1979. I mangel av sikker informasjon er kjelda derfor gjennomgåande ført som Sosialistisk Valgforbund 1979 i fotnotane.

## Litteratur

- Alldén, Lars. 1980. *Medlemmene i Sosialistisk Folkeparti*. Magistergradsavhandling i sosiologi, Universitetet i Oslo.
- Bastiansen, Henrik. 2009. "Lojaliteten som brast. Partipressen i Norge fra senit til fall 1945-2000", i Flo, Idar (red.): *Pressehistoriske skrifter nr. 11*. Universitetet i Oslo, 2009.
- Bates, David. 2007. "Introduction: Marxism, Intellectuals and Politics", i Bates, David (red.): *Marxism, Intellectuals and Politics*. New York. 2007, s. 1-18.
- Bergh, Trond. 2009. *Kollektiv fornuft 1969-2009*, bind 3 i *LOs historie*. Oslo.
- Bergh, Trond og Yngve Nilsen. 2004. *Et akademisk fellesskap. Akademikernes fellesorganisasjon 1975-2001*. Bergen.
- Bjørklund, Tor. 2009. "To mål på arbeiderklasse: yrke og klassetilhørighet. Norske velgere og partier fra 1965 til 2005", *Norsk statsvitenskapelig tidsskrift* 25, 1/2009, s. 5-29.
- Bjørklund, Tor. 2008. "Arbeiderklassetilhørighet i Norge fra 1965-2001", *Sosiologisk tidsskrift* 16, 4/2008, s. 341-361.
- Bull, Trygve. 1983. *På tvert*. Oslo
- Delgado, Anilton Paulina. 2012. *Rød Front i Det Norske Studentersamfund 1970-1980*. Masteroppgåve i historie, Universitetet i Oslo.
- Edelberg, Peter og Dorthe Gert Simonsen. 2015. "Changing the Subject", *Scandinavian Journal of History* 40, 2/2015, s. 215-238.
- Fairclough, Norman. 2008. *Kritisk diskursanalyse*. København.
- Fløgstad, Kjartan. 2016. *Etter i saumane. Kultur og politikk i arbeidarklassens hundreår*. Oslo.
- Fowler, Roger. 1991. *Language in the News. Discourse and Ideology in the Press*. London.
- Furre, Berge. 2000. *Norsk historie 1914-2000*. Oslo.
- Førland, Tor Egil og Trine Rogg Korsvik. 2008. *Ekte sekstiåttene*. Oslo.
- Gustavsén, Finn. 1979. *Kortene på bordet*. Oslo.
- Hagen, Roar. 1989. "'68 (m-l)", i Tvedt, Terje (red.): *(ml)*. Oslo. 1989, s. 165-196.
- Halse, Andreas. 2017. "Store deler av venstresiden liker ganske enkelt ikke arbeiderklassen", <<http://www.aftenposten.no/meninger/debatt/Store-deler-av-venstresiden-likerganske-enkelt-ikke-arbeiderklassen--Andreas-C-Halse-618046b.html>>, henta 9. mai 2017.
- Halvorsen, Terje. 2010. *Historie, politikk og polemikk. Utvalgte essays om historiske stridsspørsmål*. Oslo.
- Halvorsen, Terje. 2009. "Ragnar Kalheim", i *Norsk biografisk leksikon*, <[https://nbl.snl.no/Ragnar\\_Kalheim](https://nbl.snl.no/Ragnar_Kalheim)>, henta 21. april 2017.

- Hastings-King, Stephen. 2015. *Looking for the Proletariat. Socialisme ou Barbarie and the Problem of Worker Writing*. Chicago.
- Hegna, Maren. 2000. ‘‘Intellektuelle strebere’’, i *Arbeiderhistorie 2000*, s. 197-211.
- Helseth, Hannah. 2012. ‘‘Kvinner, klassekamp og følelser’’, *Agora 30, 4/2012*, s. 33-44.
- Johannesen, Baard Meidell. 1996. ‘‘NSU som studentpolitisk kamplass’’ i *Norsk studentunion 1936-1996*. Oslo. 1996.
- Juvkam, Dag Jostein. 2011. *Et uunngåelig brudd? Norges Kommunistiske Partis holdning til venstresamarbeid og samling i Sosialistisk Venstreparti, årene 1970-1975*. Masteroppgåve i historie, Universitetet i Oslo.
- Kaldal, Ingar. 2002. *Frå sosialhistorie til nyare kulturhistorie*. Oslo.
- Kjeldstadli, Knut. 2016. ‘‘Arbeiderbevegelsen og de intellektuelle’’, *Vardøger 36/2016*, s. 166-182.
- Kjeldstadli, Knut 1997. ‘‘Det fengslende ordet. Om ‘den språklige vendingen’ og historiefaget’’, i Kjeldstadli, Knut mfl. (red.): *Valg og vitenskap. Festskrift til Sivert Langholm*. Oslo. 1997, s. 51-78.
- Kjos Fonn, Birgitte. 2011. *Orientering. Rebellenes avis*. Oslo.
- Kjos Fonn, Birgitte. 2010. ‘‘Ny Tid’’ i Flo, Idar (red.): *Norske aviser frå A til Å*, bind 4 i Dahl, Hans Fredrik mfl. (red.): *Norsk presses historie 1660-2010*. Oslo. 2010.
- Kokkvoll, Arne. 1981. *Av og for det arbeidende folk. Streif i arbeiderbevegelsens kulturhistorie*. Oslo.
- Kolmannskog, Håkon. 2006. *Ideologisk leiarskap i den norske ml-rørsla. Det umogleges kunst 1965-1980*. Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo.
- Kvalsvik, Kjetil. 1998. ‘‘Identitet, politisering og radikaliserings – Fra mellomkrigstid til 70-tallet med NSU som utkikkspunkt’’ i Hjeltnes, Guri (red.): *Universitetet og studentene. Opprør og identitet. Foredrag fra en nordisk konferanse om studenthistorie*. Oslo. 1998, s. 195-232.
- Larsen, Reidar T. 1980. *Styrt fra Moskva? Erindringer 1960-1980*. Oslo.
- Lorenz, Einhart. 1977. ‘‘Marxistiske teorier om fagbevegelsen’’, *Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie, 1/1977*.
- Marx, Karl. 1973. *Marx i ett bind*. Oslo.
- Messel, Jan. 2009. *LO og ‘de nye gruppene’. Konseptualisering av arbeidstakerne 1975-1989*. Avhandling for ph.d.-graden, Universitetet i Oslo.
- Messel, Jan. 1997. *Samling og strid. Norsk Tjenestemannslag 1947-1997*. Oslo.
- Myhre, Jan Eivind. 2008. ‘‘Academics as Intellectuals: Studying Norwegian academics and intellectuals in the public sphere’’, i Myhre, Jan Eivind (red.): *Intellectuals in the public sphere in Britain and Norway after World War II*. Oslo. 2008, s. 183-208.

- Nyhamar, Jostein. 1990. *Nye utfordringer (1965-1990)*, bind 6 i Kokkvoll, Arne og Jacob Sverdrup (red.), *Arbeiderbevegelsens historie i Norge*. Oslo.
- Olin Wright, Erik. 2005. "Foundations of a Neo-Marxist class analysis", i Wright, Erik Olin (red.): *Approaches to Class Analysis*. 2005. New York, s. 4-31.
- Mork, Ragnhild. "Med bunad for revolusjonen. MI-rørsla og det nasjonale" i *Arbeiderhistorie 1998*, s. 63-79.
- Reime, Ole Martin. 2010. *Tjen Folket - Koste hva det koste vil. En kvalitativ studie av totalitarsismens utvikling i ml-bevegelsen i perioden 1968-1978, og maktgrunnlagets påvirkning på medlemsmassen*. Masteroppgåve i historie, Universitetet i Oslo.
- Rossavik, Frank. 2011. *SV. Fra Kings Bay til Kongens bord*. Oslo.
- Sejersted, Francis. 2000. *Norsk idyll?*. Oslo.
- Skjønberg, Harald. 1990. *På parti med Stalin? Den merkelige historien om MLernes storhetstid*. Oslo.
- Slottemo, Hilde Gunn. 2008. "Kamp om kontroll. Kald krig og kommunisme i Rana", i *Arbeiderhistorie 2008*, s. 317-333.
- Slottemo, Hilde Gunn. 2007. "Skrittvis framgang eller uberegnelige sprang? 1970-tallets ml-debatter i Rana", i *Arbeiderhistorie 2007*, s. 153-171.
- Sjøli, Hans Petter. 2005. *Mao, min Mao. Historien om AKPs vekst og fall*. Oslo.
- Stedman Jones, Gareth. 1983. *Languages of class. Studies in English working class history 1832-1982*. New York.
- Steigan, Pål. 1985. *På den himmelske freds plass. Om ml-bevegelsen i Norge*. Oslo.
- Strømskag, Ingrid Lykkeslett. 2008. Litteratur i kampen. MI-bevegelsens litteraturpolitikk 1968-1980. Masteroppgåve i historie, Universitetet i Oslo.
- Tjelmeland, Hallvard. 2004. "Aviser som historisk kilde", i Roalsø, Else-Beth (red.): *Å skrive i motvind. Ruth Thomsen og Stavanger Aftenblad 1934-1980*. Presshistoriske skrifter nr. 3.
- Thomas, Peter D. 2009. *The Gramscian Moment. Philosophy, Hegemony and Marxism*. Chicago.
- Traverso, Enzo. 2016. *Left-Wing Melancholia. Marxism, History, and Memory*. New York.
- Valen, Henry. 1992. *Valg og politikk. Et samfunn i endring*. Oslo.
- Valen, Henry. 1976. "Norway: The Local Elections of September 1975", *Scandinavian Political Studies 11*, 1976, s. 168-183.
- Valen, Henry og Stein Rokkan. 1974. "Norway: The Elections to the Storting in September 1973", *Scandinavian Political Studies 9*, 1974, s. 205-218.
- Vasaasen, Øyvind. 1990a. "Gjenoppstod SF i SV?", i *Arbeiderhistorie 1990*, s. 59-70.

- Vasaasen, Øyvind. 1990b. *Dannelsen av Sosialistisk Venstreparti*. Hovudoppgåve i historie, Universitetet i Oslo.
- Veiden, Pål og Kåre Dahl Martinsen. 2007. "SV, Ny Tid og Øst-Europa. En studie av årene 1975-1990", i *Arbeiderhistorie 2007*, s. 173-191.
- Winther Jørgensen, Marianne og Louise Phillips. 1999. *Diskursanalyse som teori og metode*. Frederiksberg: Roskilde Universitetsforlag.
- Wood, Ellen Meiksins. 1995. *Democracy Against Capitalism. Renewing historical materialism*. New York.